

Møteinnkalling

Utval:	Ungdommens fylkesutval
Møtestad:	Fylkesutvalssalen, 3 etg., Fylkeshuset
Dato:	07.12.2018
Tid:	16:00

Program

Kl. 16:00 Sakshandsaming

Kl. 19:45 Juleavslutning på Matbørsen. Vi går samla til restauranten etter møte.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Denne innkallinga gjeld valde medleamar og varamedleamar i Ungdommens fylkesutval.

Marius Hellan Hindenes
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 70/18	Godkjenning av innkalling		
PS 71/18	Godkjenning av sakliste		
PS 72/18	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 73/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 42/18	Oversikt økonomi per 22.11.2018	2014/560	
RS 43/18	Oversikt ungdomsråd - per 04.12.2018	2014/560	
RS 44/18	Rapport frå elev- og lærlingombodet vår 2018	2018/10200	
RS 45/18	Løypemelding frå mobbeombodet vår 2018	2016/10915	
RS 46/18	Uttale frå UFU: Status for arbeidet med likestilling og likeverd i Hordaland Fylkeskommune, rapport per oktober 2018	2014/560	
RS 47/18	Uttale frå UFU: Young People engagement in political decision making	2014/560	
RS 48/18	Framgang ungdommens planprogram (UPP) - per 15.11.2018	2014/560	
PS 74/18	Ymse		
PS 75/18	Ungdommens fylkesting 2019: Vidare førebuing	2014/560	
PS 76/18	Nettverkssamling 2018: Evaluering	2014/560	
PS 77/18	Ungdommens planprogram 2019: Innstilling frå Ungdommens fylkesutval til Ungdommens fylkesting	2014/560	

PS 70/18 Godkjenning av innkalling

PS 71/18 Godkjenning av saksliste

PS 72/18 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

PS 73/18 Referatsaker (meldingar)

Liste: Sted - Art	Regnskap hittil i år	Budsjett hittil i år	Differanse hittil i år	Årsbudsjett	Disponibel rest
<ul style="list-style-type: none"> ▼ ALLE > 10033000 Ungdommens Fylkesting > 10033001 Utvalsmøtar > 10033003 Kurs og konferansar > 10033004 Nettverkssamling > 10033005 Ungdommens fylkesting 	255 422	284 166	28 744	310 000	54 578
	<u>21 857</u>	<u>284 166</u>	262 309	<u>310 000</u>	288 143
	<u>83 589</u>	<u>0</u>	-83 589	<u>0</u>	-83 589
	<u>3 833</u>	<u>0</u>	-3 833	<u>0</u>	-3 833
	<u>85 183</u>	<u>0</u>	-85 183	<u>0</u>	-85 183
	<u>60 960</u>	<u>0</u>	-60 960	<u>0</u>	-60 960

Ungdomsråd i Hordaland
Oppdatert 02.08.2018

Kommune	Leder	Telefon	E-post
Askøy	Jens Hestnes Andersen	91911578	jens.hest.and@gmail.com
Austevoll			
Austrheim	Irmelin Vike Opedal	91002630	irmelinviko2gmail.com
Bergen	Aksel Hansen	97572916	ungdommens.bystyre@bergen.kommune.no / elifakselhh@gmail.com
Bømlo	Lars Esperø	99365515	lars.espero@gmail.com
Eidfjord	Emilie Vivelii Tveit	48602990	emilie@eidfjord.net
Etne	Voster Vannes	48287985	vingahedvig@gmail.com
Fedje	Emmi Herøy	90159160	emmiher@icloud.com
Fitjar	Alice Rose Medhammer	94852204	alice.rose@haugnett.no
Fjell	Vilde Indervik		vildei@hotmail.com
Fusa	Vegard Fosså		vegardf99@hotmail.com
Granvin	Marte Kristoffersen	41649976	martekatt@hotmail.com
Jondal			
Kvam	Magnus Torvik	91341421	magnustorvik@gmail.com
Kvinnherad			
Lindås	Morten Stokke	97518501	mortenstokke@outlook.com
Masfjorden			
Meland	Susanne Slettebakken	96012969	susosle02@gmail.com
Modalen	Hilde Brørvik	41477453	hilde_fjellanger@hotmail.com
Odda	Lisa Walle	41594974	sigridwalle@hotmail.com
Os	Har ikkje		
Osterøy	Lars Bysheim	47177528	lars.bysheim@outlook.com
Radøy	Marte Solheim	45666886	martesolen@gmail.com
Samnanger	Oscar Kienitz	46591629	oscar.kienitz99@gmail.com
Stord	Anna Valvatne		annavalvatne@hotmail.com
Sund	Sunniva Henden	40314463	sunnivahenden@live.com
Sveio			
Tysnes	Marius Sjøbø		

Ullensvang	Vilde Læg Reid		vildelgreid@gmail.com
Ulvik	Bjørk Thorbjørnsen	97540044	bjorkth19@gmail.com
Vaksdal	Anna Elisabeth Øyrehagen A	98459849	annae.oyrehagen.aksellvoll@gmail.com
Voss	Jens Håkon Birkeland	97042353	Jenshakonbirkeland@gmail.com
Øygarden	Synne Nordøy	93871792	synne.nordoy@hotmail.com
Hardanger			

Kommune	Sekretær	Telefon	E-post
Askøy	Sigrun Haarklau	91178430	Sigrun.haarklau@askoy.kommune.no
Austevoll	Morten Storebø	94504076	morten.storebo@austevoll.kommune.no
Austrheim	Anita Soltveit	47480209	anita.soltveit@austrheim.kommune.no
Bergen	Birgitte Teglgaard	46 69 65 20	Birgitte.teglgaard@bergen.kommune.no
Bømlo	Elisabeth Knutsen	53423068/911 65 377	elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no
Eidfjord	Bergljot Veivåg	53673537	bmv@eidfjord.kommune.no
Etne	Dagfinn Garnes-Johnsen	53758125	dagfinn.garnes.johnsen@etne.kommune.no
Fedje	Signe Råheim	56165157	postmottak@fedje.kommune.no
Fitjar	Bente Bjelland		bebj@fitjar.kommune.no
Fjell	Unni Rygg	47417522	unni.rygg@fjell.kommune.no
Fusa	Erik Vangsnes	47277146	erik.vangsnes@fusa.kommune.no
Granvin	Siri Stuve	41268620	siri.stuve@granvin.kommune.no
Jondal	Ragnvald Joakimsen	45474181	post@jondal.kommune.no
Kvam	Kari Weltzien Vik	99543057	kwvi@kvam.kommune.no
Kvinnherad	Veronica Thorsen	97067136	veronica.thorsen@kvinnherad.kommune.no
Lindås	Robert Lorang Hansen	95522070	robert.lorang.hansen@lindas.kommune.no
Masfjorden	Alf M. Strand		alf.m.strand@masfjorden.kommune.no
Meland	Ane Bysheim		Susanne.christensen@meland.kommune.no
Modalen	Kristin Nâmdal		Kristin.Namdal@meland.kommune.no
Odda	Bodil Skjerven		bodil.skjerven@odda.kommune.no
Os	Paul Manger	47881137	pjm@os-ho.kommune.no
Osterøy	Grete Birkelid		grete.birkelid@osteroy.kommune.no
	Kari Aakre		kari.aakre@osteroy.kommune.no
Radøy	Katarina Birkeland	90696931	katarina.birkeland@radoy.kommune.no
Samnanger	Meline Haugland	47465510	Meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no
Stord	Trude Aamot		Trude.Aamot@stord.kommune.no
Sund	Hilde Kristin Egeland	56327599	hilde.k.egeland@sund.kommune.no
Sveio	Vidar Vikse		Vidar.Vikse@sveio.kommune.no
Tysnes	Vibeke Stoltz	95528902	vibeke.stoltz@tysnes.kommune.no

Ullensvang	Linn M. Østerbø	53671502	lost@ullensvang.herad.no
Ulvik	Ingvild Winters		Ingvild.Winters@ulvik.kommune.no
Vaksdal	Ann Kristin Bolstad		ann.kristin.bolstad@vaksdal.kommune.no
Voss	Lars Egil Sjøtun	56518350	Lars.E.Sjotun@voss.kommune.no
Øygarden	Jarle Kåre Oen		jarle.kare.oen@oygarden.kommune.no
Hardanger	Trude Rinaldo	48954550	post@hardangerradet.no



Notat

Dato: 17.10.2018
Arkivsak: 2018/10200-2
Saksbehandlar: torrutl

Til:	Yrkesopplæringsnemnda Ungdommens fylkesutval Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet Fylkestinget
Frå:	Fylkesrådmannen

Rapport frå elev- og lærlingombodet vår 2018

Elev- og lærlingombodet tok til i stillinga 9. januar 2017, som første elev- og lærlingombod i Hordaland. Dette blir ei løypemelding frå elev- og lærlingombodet til fylkestinget i Hordaland. Meldinga gjeld for tidsrommet januar 2018 - juli 2018, og vil gi eit innblikk i arbeidet til ombodet i denne perioden. Det vart sist avlagt årsrapport frå ombodet for året 2017 i juni 2018. Etter denne løypemeldinga/rapporten for våren 2018 vil det bli avlagt årsrapport som følgjer skuleåret. Neste årsrapport vil leggjast fram for fylkestinget i desember og kan sjåast i samanheng med kvalitetsmeldinga.

Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar, lærlingar og lære kandidatlar (heretter kalla lærlingar) i vidaregåande opplæring i Hordaland. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere tilgjengeleg for å svare på spørsmål, informere elevar- og lærlingar om deira retter og plikter, samling/innlegg for elevråd på dei vidaregåande skulane, og ved å hjelpe den enkelte elev og lærling i saker tilknytt den enkelte skule eller i lærebedrift. Ombodet får gjennom ulike møter, samlingar og førespurnader fleire tilbakemeldingar om vidaregåande opplæring i Hordaland.

Våren 2018 har ombodet arbeidd ut frå stillingsinstruks. I juni 2018 vedtok fylkestinget mandat for elev- og lærlingombodet, samt at ombodet årleg skal rapportere til fylkestinget. I 2017 var stillinga som elev- og lærlingombod lagt til opplæringsavdelinga, seksjon skule. Frå 01.01.18 er elev- og lærlingombodet plassert under fylkesdirektør økonomi og organisasjon.

Vedlegg 1. Løypemelding frå elev- og lærlingombodet vår 2018 - rapport



Oktober 2018. Rapport 2.

Løypemelding frå elev- og lærlingombodet i Hordaland

Januar - juli 2018

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Elev- og lærlingombodet i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Kontaktinformasjon: Sigrid Isdal, e-post: sigrid.isdal@hfk.no
www.hordaland.no/elev-og-larlingombod

Dato: 19/10.18.

INNHold

FORORD	4
Innleiing	5
Prioriterte arbeidsområde våren 2018	5
Elev- og lærlingombodet sine anbefalingar	5
Førespurnader historikk	6
Førespurnader Vår 2018	6
Kven tar kontakt og korleis har ombodet vorte kontakta	6
Førespurnader til ombodet fordelt etter kjønn – vår 2018 (både elevar og lærlingar)	7
Kommentarar	7
Vidare arbeid	7
Førespurnader som gjeld elevar våren 2018	8
Kommentarar:	8
Førespurnader frå lærlingar og lære kandidat ar våren 2018	9
Kommentarar	9
Elev- og lærlingombodet anbefaler:	12
Medverknad og lærlingråd	12
Informasjonsarbeid	12
Webside og Facebook	12
Oversikt over elev- og lærlingombodet sitt informasjonsarbeid våren 2018	13
Vidare arbeid	13
Samarbeid	13
Samarbeid med opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune	13
Samarbeid med elev- og lærlingomboda i Norge –ELON	14
Vidare arbeid	14

Forord

Dette er ei løypemelding frå elev- og lærlingombodet til fylkestinget i Hordaland. Meldinga gjeld for tidsrommet januar 2018 - juli 2018, og vil gi eit innblikk i arbeidet til ombodet i denne perioden. Det vart sist avlagt årsrapport frå ombodet for året 2017 i juni 2018. Etter denne løypemeldinga/rapporten for våren 2018 vil det bli avlagt årsrapport som følgjer skuleåret. Neste rapport vil leggjast fram for fylkestinget i desember og kan sjåast i samanheng med kvalitetsmeldinga.

Fylkestinget kom i juni 2018 med tilbakemeldingar om at dei ynskja ei betre oversikt over førespurnader kategorisert etter omfang. Dette vil difor komma i neste rapport.

Våren 2018 har ombodet arbeidd ut frå stillingsinstruks. I juni 2018 vedtok fylkestinget mandat for elev- og lærlingombodet, samt at ombodet årleg skal rapportere til fylkestinget. I 2017 var stillinga som elev- og lærlingombod lagt til opplæringsavdelinga, seksjon skule. Frå 01.01.18 er elev- og lærlingombodet plassert under fylkesdirektør økonomi og organisasjon.

Elev- og lærlingombodet tok til i stillinga 9. januar 2017, som første elev- og lærlingombod i Hordaland. Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar, lærlingar og lærekandidatar (heretter kalla lærlingar) i vidaregåande opplæring i Hordaland. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere tilgjengeleg for å svare på spørsmål, informere elevar- og lærlingar om deira retter og plikter, samling/innlegg for elevråd på dei vidaregåande skulane, og ved å hjelpe den enkelte elev og lærling i førespurnader knytt til den enkelte skule eller i lærebedrift. Ombodet får gjennom ulike møter, samlingar og førespurnader fleire tilbakemeldingar om vidaregåande opplæring i Hordaland.

Ombodet sitt generelle inntrykk er at elevar og lærlingar stort sett har det bra og er godt nøgde med opplæringa dei får. I rolla som ombod arbeider ein ofte med utgangspunkt i at elevar, lærlingar eller deira føresette stiller spørsmål ved noko, er misnøgd med noko, eller meiner at lovar og retningsliner ikkje er følgt. Ombodet si oppgave blir då å belyse saka ut frå gjeldande reglar og lovverk, samt hjelpe eleven eller lærlingen med å gi tilbakemelding til dei ansvarlege på ein konstruktiv måte med ynskje om forbetring.

Elev- og lærlingombodet sin årsrapport byggjer ikkje på statistiske data om opplæringa i Hordaland, og skal difor ikkje brukast til å gi ei statistisk beskriving av opplæringstilbodet i fylket. Slike opplysningar er det fylkesrådmannen som samlar inn gjennom eksempelvis elevundersøkinga, lærlingundersøkinga og kvalitetsmeldinga.

Arbeidet som ombodet gjer, er viktig for å styrke den enkelte elev og lærling, synleggjere utfordringar i den vidaregåande opplæringa, og for å styrke kvaliteten på det tilbodet elevane og lærlingane får. Eg har fått vere med på mykje godt samarbeid med dei som jobbar med elevar og lærlingar. Det er mange som engasjerer seg for å skape gode opplærings- og oppfølgingssystem i det fylkeskommunale systemet, i skulane og ute i lærebedriftene.

God lesing



Helsing elev- og lærlingombodet,
Sigrid Isdal

INNLEIING

Fylkestinget vedtok å opprette stilling som elev- og lærlingombod i Hordaland i mai 2016, og i januar 2017 var elev- og lærlingombodet på plass i stillinga. Dette er fylkeskommunen sitt ombod for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Skuleåret 2017/2018 var det omlag 19000 elevar, 15000 elevar i offentleg vgs + 3000 i privat vgs, samt 4500 lærlingar i Hordaland.

Elev- og lærlingombodet skal utføre arbeidet sitt på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. Ombodsordninga er meint å vere eit lågterskeltibod, og ombodet har teieplikt. Når elevar og lærlingar tar kontakt med ombodet er det ofte fordi dei ynskjer å få ein nøytral part «utanfrå» til å fortelje kva som er rett i høve til gjeldande reglar eller lovverk når det gjeld opplæringa. Ombodet fokuserer på korleis elevane og lærlingane sjølve kan vere med å påverke kvaliteten på si eiga opplæring, og korleis ein går fram for å ta opp ei sak med den som er ansvarleg. Målet er å løyse utfordringar og problem på rett og lågast mogleg nivå, men samstundes belyse eventuelle brot på prosedyrar eller lovverk.

Prioriterte arbeidsområde våren 2018

- Vera tilgjengeleg for elevar og lærlingar, og svare på spørsmål om rettar og plikter, samt følgje opp førespurnader og gi rettleiing.
- Informasjonsarbeid retta mot elevar på yrkesfag som skal ut i lære.
- Generell informasjon om elev- og lærlingombodet.

Elev- og lærlingombodet sine anbefalingar

Her følgjer ei oppsummering av anbefalingane frå elev- og lærlingombodet i Hordaland for våren 2018. Anbefalingane er gjeve med bakgrunn i førespurnader som ombodet har fått, samarbeid med ulike partar i vidaregåande opplæring, samt erfaringar ombodet har gjort på skulebesøk og i møte med lærlingar.

- Obligatoriske regionale samlingar for 1. års lærlingar- i regi av fylkeskommunen.
- Styrka kunnskapen til lærarar på yrkesfag (programfag) om lærlingordninga: Godkjenning av lærebedrifter, ulike vegar til fagbrev, læretid, rettar og plikter.
- Tettare oppfølging av nye lærebedrifter. Tildeling av fast kontaktperson på opplæringsavdelinga v/fagopplæringskontoret for lærebedrift og lærling.
- Kort infoskriv eller ei felles munnleg orientering til alle tilsette i lærebedrifta om kva lærlingordninga går ut på: Ikkje alle tilsette rundt lærlingen forstår kva det vil sei å vera lærling. Det er stor variasjon i kva informasjon tilsette i ei lærebedrift får om lærlingordninga. Lærlingen ender gjerne opp med å forholde seg til fleire kollegaer og instruktørar undervegs i læretida. Elev- og lærlingombodet ser for seg eit kort informasjonsskriv eller ei felles munnleg orientering til alle tilsette i lærebedrifta om kva lærlingordninga går ut på. Dette vil skåne lærlingen for unødvendige spørsmål og gjere både lærling og andre tilsette rundt lærlingen tryggare i læresituasjonen, samt gje mindre grobotn for mistydingar.

FØRESPURNADER HISTORIKK

Sidan oppstart av ombudsordninga i januar 2017 har det komme inn jamt med førespurnader frå elevar, lærlingar, føresette og andre aktørar innan vidaregåande opplæring.

Omhandlar	Førespurnader Vår 2017	Førespurnader 2017	Førespurnader Skuleår 2017/2018	Førespurnader Vår 2018
Elevar	15	28	32	19
Lærlingar	27	75	105	57
Sum	42	103	137	76

FØRESPURNADER VÅR 2018

Ombodet har registrert 76 førespurnader i perioden januar – juli 2018. Av desse omfatta 57 av førespurnadane lærlingar, og 19 av førespurnader gjaldt elevar på vidaregåande skule (1 frå grunnskule).




Kven tar kontakt og korleis har ombodet vorte kontakta

Kven tar først kontakt - Vår 2018	Mengd
Eleven/lærlingen	48
Foreldre/føresette	16
Andre (sambuar, kunde, NAV, barnevern, lærebedrift, opplæringskontor, PPT, andre.)	12
Sum	76

Første kontakt via	Mengd
Telefon	30
E-post	22
Facebook	14
Kombinasjon (Eksempelvis skriv e-post + ringer)	8
Melding	2
Snapchat (tatt i bruk haust 2018)	(0)
SUM	76

Førespurnader til ombodet fordelt etter kjønn – vår 2018 (både elevar og lærlingar)



Kommentarar

Det er i stor grad elevar/lærlingar som sjølv tar kontakt ang si eiga sak. Nokre gongar blir første kontakt gjort av foreldre, men vidare kontakt er med eleven/lærlingen sjølv. Elevane og lærlingane har ved 48 av 76 førespurnader sjølv tatt første kontakt med ombodet. Når ikkje eleven eller lærlingen sjølv tar kontakt, vert det gjeve informasjon på generelt grunnlag. Ved spørsmål om møte, vert det satt av tid snarast mogleg til dette. Ombodet sitt inntrykk er at førespurnader er jamt fordelt når det gjeld kjønn, både frå elevar og lærlingar.

Ved førespurnad til ombodet, får eleven eller lærlingen i dei fleste tilfelle informasjon og verktøy til å prøve å løyse utfordringane sine sjølv, med informasjon om at ombodet kan vere ein vidare støtte om ønskeleg. Det kan eksempelvis vere ein lærling som ber om råd før og etter eit møte med lærebedrift. I slike tilfelle ber ombodet gjerne om ei oppdatering, slik at det skal vere enkelt å ta kontakt igjen dersom utfordringane ikkje vert løyst. I dei fleste tilfelle er ikkje lærebedrifta/opplæringskontoret eller skulen informert om at ombodet har vorte kontakta, då det ikkje er eit ynskje frå eleven eller lærlingen. I nokre tilfelle vel lærlingen å vidaresende e-post frå ombodet, der ombodet eksempelvis har vist til gjeldande lovverk, i høve til uavklarte spørsmål mellom lærlingen og lærebedrifta.

Sjølv om elevar eller lærlingar tar kontakt fleire gongar ang same problem/utfordring, vert det berre registrert som ein førespurnad. Enkelte førespurnader er meir omfattande og går over lang tid med fleire samtalar/møter der ombodet får fullmakt til å innhente nødvendig informasjon frå seksjonar i opplæringsavdelinga, skular eller lærebedrift/opplæringskontor. I desse førespurnadene vert rolla til ombodet meir synleg. Det er gledeleg å sjå at interne og eksterne samarbeidspartnarar også viser til elev- og lærlingombodet når det dukkar opp utfordringar eller spørsmål frå elevar og lærlingar.

Vidare arbeid

Alle spørsmål/førespurnader som kjem til elev- og lærlingombodet vert kalla «førespurnad» og kategorisert innanfor ulike tema. (eksempelvis vurdering, manglande opplæring, tilpassa opplæring osv). Frå hausten 2018 har ombodet også valt å kategorisert førespurnader etter tidsbruk. Ombodet er ingen sakshandsamar og har ikkje mynde til å gjere vedtak. Dersom ein førespurnad er av ein slik art at den kan vera arkivverdig, må eleven/lærlingen samtykkje til at opplysningar vert lagra. Lærlingen/eleven må også samtykkje til at nødvendig informasjon kan delast/hentas inn frå andre seksjonar i opplæringsavdelinga, skular eller lærebedrift/opplæringskontor.



Førespurnader som gjeld elevar våren 2018

Hovudtema		Førespurnader
Opplæring (10)	Finne fram i systemet, fagval	1
	Tilpassa opplæring, spesialundervisning, oppfølging	7
	Elevmedverknad	2
Vurdering (6)	Regelverk prøver/eksamen	2
	Karakter/klage	4
Anna (3)	Undervisning utanom normal tid	1
	Ta opp vanskelige tema med lærar	2
SUM 19		19

Kommentarar:

Frå elevar kom det flest førespurnader som omhandla tilpassa opplæring. Det har også vore nokre spørsmål der elevar/førestette ynskjer å få råd om korleis dei skal gå fram i ulike saker.

Førespurnader frå lærlingar og lære kandidatane våren 2018

Hovudtema	Tema	Førespurnader
Fagprøve/ Sveineprøve (2)	Melde opp til fagprøve/eksamen – fritak fag	2
Moglegheiter innanfor vidaregåande opplæring (9)	Rett til læreplass/manglande læreplass	1
	Forlenging/forkorting av læretid	2
	Ulike vegar til fagbrev	2
	Finne fram i systemet	3
	«Lærlingbevis» rabattordning	1
Arbeidsmiljølova og arbeidsavtale (13)	Arbeidsavtale, løn, overtidsbetaling	7
	Arbeidstid/ferie	6
Avbrot, fare for avbrot i læretida (10)	Spørsmål/bistand rundt heving av lærekontrakt	7
	Bytte læreplass/lærefag	3
Arbeidsmiljø (9)	Sjukemelding/avbrot i læretida	4
	Konflikt på arbeidsplass/trives ikkje på arbeid (ofte også manglande opplæring)	4
	HMS – krav til toalett/garderobe	1
Opplæring og arbeidsoppgåver (14)	Manglande opplæring	5
	Opplæring utanom arbeidstid	1
	Tilpassa opplæring	3
	Rettar og plikter som lærling (Arbeidsgjevars styringsrett)	5
SUM		57

Kommentarar

Ein førespurnad rommar gjerne fleire ulike utfordringar. Eksempelvis spørsmål om tilpassa opplæring og eventuell forlenging av læretid, eller spørsmål om manglande opplæring og manglande trivsel. Ombodet har hatt fleire førespurnader som omhandlar heving av lærekontrakt, og då spesielt spørsmål i høve til kva som er rett framgangsmåte når berre ein av partane ynskjer heving. Lærlingane ventar ofte for lenge før dei søker hjelp, og tar ofte ikkje kontakt før det går mot

heving. Lærlingane kan i enkelte tilfelle vere engstelege for represaliar frå lærebedrifta ved tilbakemelding om mobbing/trakassering, konflikhtar, dårleg læremiljø eller manglande opplæring. Enkelte lærlingar vel heller å bytte lærebedrift framfor å melde frå. Fleire lærlingar søker råd frå ombodet i høve til å finne seg ny lærebedrift, og ender gjerne opp med å heve lærekontrakten ved semje med lærebedrifta. Dårlig læremiljø og manglande opplæring, blir difor ofte ikkje registrert i fylkeskommunen sine register som bakgrunn for heving av lærekontrakt. Ombodet oppmodar lærlingane til å ta kontakt med fylkeskommunen v/fagopplæringskontoret for å fortelje si historie. Det er fylkeskommunen som godkjenner lærebedrifter, og det er også dei som kan trekke tilbake ei godkjenning. Dersom lærlingen frå oppstart av læretida si hadde fått opplyst om ein fast kontaktperson i fylkeskommunen, hadde kanskje fleire lærlingar tatt kontakt tidlegare.

Opplæring ute i bedrift, og ikkje minst rolla til fagleg leiar og instruktør, er ein viktig del av vårt system for vidaregåande opplæring. Eit genuint ynskje om lærlingen sitt beste har ikkje alltid vist seg å vera sanninga når ombodet får kjennskap til enkelte historier frå lærlingar og føresette om opplæringa som skjer ute i lærebedrifter.

Ein av grunnane til at dei venter lenge med å ta kontakt kan vera at dei er usikker på kven dei skal kontakte når ingen i lærebedrifta kan/vil hjelpe. For mange er det vanskeleg å finne fram i systemet, og skilnaden på eksempelvis det fylkeskommunale fagopplæringskontoret og opplæringskontor (privat) er vanskeleg å forstå. Obligatoriske regionale samlingar for alle første års lærlingar, i regi av fylkeskommunen, kunne gjort det lettare for lærlingane å ta kontakt. På ei slik samling kunne lærlingane også få informasjon om rettar og plikter, samt ei forståing av kven som har ansvar for kva, og kven dei kan kontakte dersom dei ikkje får hjelpa eller opplæringa dei har krav på i lærebedrifta.



Fleire av opplæringskontora, og mange større lærebedrifter i Hordaland, har felles samlingar for nye lærlingar. Elev- og lærlingombodet har vorte invitert inn til fleire av desse samlingane. Ombodet ynskjer å rose lærebedrifter/opplæringskontor som har slike samlingar. Lærlingane kjem med tilbakemelding om at slike samlingar er nyttige, og at det gir ein god start på læretida. Ombodet må i denne samanhengen presisere at ikkje alle lærlingar er knytt opp til eit opplæringskontor.

Det kan dukke opp utfordringar i læretida som gjer at lærlingen i ein periode kan ha behov for tilrettelegging. Det har vore fleire førespurnader våren 2018 som har omfatta sjukdom undervegs i læretida, og ein redsel for å miste læreplatsen på grunnlag av sjukdom. Med bakgrunn i nokre av dei historiene eg har fått frå lærlingar siste året, er eg som ombod framleis uroa for at vi har ei underrapportering av bedrifter som ikkje følgjer pliktene sine som lærebedrifter.

Det kan sjå ut som fleire lærebedrifter har eit behov for ytterlegare rettleiing i høve til lærlingar og dei krav som stillast i opplæringsloven. I «Lærebedriftsundersøkinga» (2017-2018) svarar lærebedriftene i Hordaland følgjande når det gjeld kvalitetssikring og behov for rettleiing:

Kvalitetssikring og behov for oppfølging

	Helt uenig	Nokså uenig	Verken enig eller uenig	Nokså enig	Helt enig
bedriften/virksomheten kvalitetssikrer jevnlig at opplæringen er i samsvar med lov og forskrift	0,9%	3,5%	17,9%	44,3%	33,4%
bedriften/virksomheten har behov for veiledning i forhold til de krav som stilles i Opplæringsloven med forskrifter?	6,7%	14,0%	33,7%	30,8%	14,8%

30,8 % svarar at dei er nokså samd i at bedrifta har behov for rettleiing i høve til krava som vert stilt i opplæringslova. 14,8 % svarar at dei er heilt samd med at dei har behov for rettleiing. Enkelte lærebedrifter/opplæringskontor/faglege leiarar som ombodet har vore i kontakt med etterlyser ein fast kontaktperson i opplæringsavdelinga v/fagopplæringskontoret som dei kan ta kontakt med for ulike spørsmål. Lærlingane etterspør også ein fast kontaktperson i spørsmål knytt til eksempelvis ynskje om bedriftsbesøk, for å sjå til at lærlingen får opplæringa han eller ho har krav på.

Ombodet har sidan oppstart i januar 2017 besøkt fleire klassar på Vg 2 yrkesfag, for å informere om lærlingordninga. Ombodet har fått tilbakemelding frå enkelte av lærarane at det var mykje nyttig informasjon, også for dei som lærarar. Lærarar på yrkesfag kan vera viktige aktørar for å få fleire elevar ut i lære, og også viktige samarbeidspartnarar opp mot aktuelle lærebedrifter. Fleire av elevane er ute i Yrkesfagleg fordjuping i bedrifter som ikkje er godkjente bedrifter. Det kan vera ein fordel at lærarar har meir kunnskap om kva som skal til for å bli godkjent lærebedrift og om ulike vegar til fagbrev. Lærarar i vidaregåande skule kan vera eit viktig bindeledd mellom elevane og aktuelle lærebedrifter med tanke på framtidig læreplats.

Fleire av lærlingane som ombodet har vore i kontakt med har uttrykt at det er vanskeleg for alle tilsette i dei ulike lærebedriftene å forstå kva det vil sei å vera lærling og kva læretida omfattar. Kollegaer forvekslar lærlingar og læretid med elevar som er ute i Yrkesfagleg fordjuping, personar som er i praksis via NAV eller lærlingar vert forveksla med studentar som er i praksis gjennom studiar. Dersom det vert stor avstand mellom lærling og fagleig leiar, og dersom lærlingordninga ikkje er godt forankra i lærebedrifta kan dette føre til utfordringar for lærlingen. Kollegaer rundt lærlingen kan ende opp med å gi lærlingen irrelevante oppgåver over lengre tid, eller opplæringa kan bli forsømt om fagleg leiar eller fast instruktør blir sjuk/borte i ein periode. I ei lærebedrift har alle tilsette ei viktig rolle for lærlingen, men då må dei tilsette rundt lærlingen forstå kva det inneber å vera lærling i vidaregåande opplæring.

Elev- og lærlingombodet anbefaler:

- Obligatoriske regionale samlingar for 1. års lærlingar- i regi av fylkeskommunen.
- Styrka kunnskapen til lærarar på yrkesfag (programfag) om lærlingordninga: Godkjenning av lærebedrifter, ulike vegar til fagbrev, læretid, rettar og plikter.
- Tettare oppfølging av nye lærebedrifter. Tildeling av fast kontaktperson på opplæringsavdelinga v/fagopplæringskontoret for lærebedrift og lærling.
- Kort infoskriv eller ei felles munnleg orientering til alle tilsette i lærebedrifta om kva lærlingordninga går ut på: Ikkje alle tilsette rundt lærlingen forstår kva det vil sei å vera lærling. Det er stor variasjon i kva informasjon tilsette i ei lærebedrift får om lærlingordninga. Lærlingen ender gjerne opp med å forholde seg til fleire kollegaer og instruktørar undervegs i læretida. Elev- og lærlingombodet ser for seg eit kort informasjonsskriv eller ei felles munnleg orientering til alle tilsette i lærebedrifta om kva lærlingordninga går ut på. Det vil skåne lærlingen for unødvendige spørsmål og gjere både lærling og andre tilsette rundt lærlingen tryggare i læresituasjonen, samt gje mindre grobotn for mistydingar.

Medverknad og lærlingråd

Elev- og lærlingombodet er positiv til etablering av lærlingråd i Hordaland. Medverknad står sentralt i opplæringsloven, men slik systemet er i dag, blir lærlingane si stemme i alt for liten grad høyrte. Det er også store skilnader frå lærebedrift til lærebedrift, både når det gjeld store/små bedrifter og frå bransje til bransje. Det er viktig at lærlingar frå ulike bransjar kan få uttale seg i saker som omhandlar vidaregåande opplæring.

INFORMASJONSARBEID

Ei av hovudarbeidsoppgåvene til ombodet er å gjere ombodsrolla kjent for elevar og lærlingar, i opplæringsavdelinga og på skular og i lærebedrifter. Informasjon om elevar og lærlingar sine rettar og plikter er også sentralt. Informasjon om ombodet si rolle er relevant gjennom heile året. Ombodet prioriterer å besøke elevråda og informere nye lærlingar på hausten, og generell informasjon om lærlingordninga til Vg2 elevar på våren.

Webside og Facebook

Det har vorte oppretta nettside for elev- og lærlingombodet på <https://www.hordaland.no/elev-og-larlingombod>. På denne sida finn ein informasjon om ombodet si rolle og arbeidsoppgåver, samt kontaktinformasjon. Facebooksida «Elev- og lærlingombodet i Hordaland» vert brukt til å leggje ut relevant informasjon om vidaregåande opplæring. Det er gledeleg å sjå at elevar og lærlingar tar kontakt på sida ved å sende meldingar, sjølv om dei ikkje nødvendigvis følgjer sida. Det er utarbeidd «flyers» både i plakatform og i A4-format som vert lagt ved godkjente lærekontraktar. Desse vert også delt ut på den årlege opplæringskonferansen for opplæringskontor og store lærebedrifter.

Oversikt over elev- og lærlingombodet sitt informasjonsarbeid våren 2018

Tema	Dato for besøk hjå skule/ opplæringskontor/bedrift/andre:	I samarbeid med:
«Elevrådsturne» (Vanlegvis på hausten) - Tema: Rolla som ombod, elevmedverknad, elevrådsarbeid, retter og plikter som elev, rolla som tillitselev.	- Langhaugen vgs	Elevinspektør
Informasjon om rolla som elev- og lærlingombod.	- Regionssamling Fellesforbundet sitt ungdomsnettverk - Regionssamling for leiargruppa- skule - Elektroarbeidernes Fagforening - Frisørbransjen (bransjemøte) - Hovudtillitsvalte (Info- og drøftingsmøye) -	Fellesforbundet, Regionsleiar skule, Fagopplæringskontoret, Personalkontoret,
Diverse informasjon om: Lærling, læretid, rettar og plikter, HMS og rolla til elev- og lærlingombodet.	- Slåtthaug vgs – Yrkesdag - METIS Vg2- Yrkesfag - Årstad vgs – Yrkesdag - Askøy kommune - lærlingar: Rettar og plikter - Fjell kommune – lærlingar: Rettar og plikter - Nettverk for rådgjevarar i Nordhordland - Lærlingpatruljen – Fellesforbundet - LO sin sommarpatrulje - Knarvik vgs, Vg2- Yrkesfag - Askøy vgs – Vg2 – Yrkesfag - Åsane vgs- Vg2- Yrkesfag - Opplæringskontora i Sunnhordland	Lærarar, faglege leiarar, avdelingsleiarar, Fellesforbundet, LO, opplæringskontor

Vidare arbeid

Vidare utvikling av nettsidene til elev- og lærlingombodet og etablering og bruk av Snapchat. Det har også vorte produsert eit visittkort med webkamerabeskyttar som ombodet kan dele ut til elevar og lærlingar på ulike samlingar.

SAMARBEID

For ombodet har det vore viktig å samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring, både interne samarbeidspartnarar som seksjonar i opplæringsavdelinga og vidaregåande skular, men også eksterne samarbeidspartnarar som lærebedrifter/opplæringskontor, Elevorganisasjonen og eksempelvis ulike fagorganisasjonar. Elev- og lærlingombodet har hatt eit tett samarbeid med Mobbeombodet også gjennom våren 2018. Fleire lærebedrifter, opplæringskontor og skular har tatt initiativ og invitert elev- og lærlingombodet på besøk i ulike samanhengar. Ombodet tar også sjølv kontakt i enkelte samanhengar.

Samarbeid med opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune

Opplæringsavdelinga består av fleire seksjonar med mange ulike ansvarsområde. I ombodet sine møter med dei ulike seksjonane er inntrykket at viljen er stor for å arbeide til det beste for elevane og lærlingane i Hordaland. Etter at ombodet vart flytta bort frå opplæringsavdelinga har ein mista

noko av den daglege kontakten der det vart naturleg å snakke saman «i gangen» og samarbeide om ulike ting. På bakgrunn av dette er det spesielt viktig for ombodet å bli orientert om det som går føre seg i opplæringsavdelinga, men også å skape naturlege møtearenaer der ombodet kan vera ein bidragsytar til det beste for elevar og lærlingar. Ombodet har vorte invitert til nokre aktuelle samlingar i regi av opplæringsavdelinga. Både for å bidra med informasjon, men også som deltakar der tema er relevant for ombodet sitt arbeid.


Samarbeid med elev- og lærlingomboda i Norge –ELON

Det er no tilsett elev- og lærlingombod i alle fylke utanom Finnmark. Elev- og lærlingomboda i Norge (ELON) har 2-3 samlingar i året. Samlingane vert arrangert i eit «vertsfylke». På samlingane har vi innlegg med relevante tema, gjerne gode døme frå fylkeskommunen vi besøker, erfaringsutveksling, arbeid med felles prosjekt og diskusjon om generelle ombodssaker. Elev- og lærlingomboda har utanom dei faste møta hyppig kontakt gjennom e-post og Facebook. ELON har ikkje leiar, men har eit «Arbeidsutval» (AU) som består av tre personar. Desse blir valt for to år om gongen. Arbeidsoppgåvene til AU er å arbeide med felles høyringsuttalar, felles læremateriale som eksempelvis: www.elevråd.no som vart publisert hausten 2018, samt planlegging av samlingar og innhald/saker til samlingane. Planlegging av samlingane vert arrangert i samarbeid med «vertsfylket» og ombodet i fylket. Elev- og lærlingombodet i Hordaland vart hausten 2017 valt inn i ELON sitt AU. Våren 2018 hadde omboda to samlingar. Ei samling i Stavanger og ei i Oslo.

Vidare arbeid

Rolla som brubyggjar mellom dei ulike instansane i vidaregåande opplæring er sentral i arbeidet til elev- og lærlingombodet. Det er fleire aktørar som ombodet har vorte introdusert for der ein ser at det i framtida kan vere relevant med eit tettare samarbeid. Dette gjeld alt frå fleire opplæringskontor, Fylkesmannen, Arbeidstilsynet, LO, NHO, KS til eksempelvis hovudverneombod, fagforeiningar og politikarar.





**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Notat

Dato: 17.10.2018
Arkivsak: 2016/10915-7
Saksbehandlar: torrutl

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Ungdommens fylkesutval
Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Løypemelding frå mobbeombodet vår 2018

Dette er ei løypemelding frå mobbeombodet til fylkestinget i Hordaland. Meldinga gjeld for tidsrommet januar 2018 til juli 2018. Etter vedtak i fylkestinget i juni 2018 har mobbeombodet fått eit utvida mandat. Mobbeombodet er no ombod for alle barn i barnehage og alle elevar i Hordaland. Frå hausten 2018 vil mobbeombodet rapportere på skuleår, slik at rapporten kan leggjast fram på fylkestinget i desember og sjåast i samanheng med kvalitetsmeldinga. Løypemeldinga er ei oppsummering av prioriteringane og arbeidet som er gjort av mobbeombodet i perioden. I tillegg fremmar mobbeombodet her råd til opplæringsavdelinga og politikarane på bakgrunn av informasjon frå elevundersøkinga, samtaler med elevar og tilsette, samt dei spørsmåla og sakene som mobbeombodet har fått inn. De fleste tilrådingane frå førre årsrapport står ved lag. I tillegg har ombodet to nye tilrådingar.

Vedlegg: Løypemelding vår 2018



Løypemelding frå mobbeombodet i Hordaland

Januar-juli 2018.

OM LØYPEMELDINGA

Ansvarleg avdeling/eining: Mobbeombodet i Hordaland
Kontaktinformasjon/ e-post: Mari-Kristine Morberg, mobbeombod@hfk.no
Dato: 15.10.2018

INNHALD

FORORD	4
TILRÅDINGAR	5
MOBBEOMBODET I HORDALAND	5
SAKER OG FØRESPURNADER	6
Saker – kven gjeld saka?	6
Førespurnader – korleis og kven tar kontakt med ombodet?	7
INFORMASJONSARBEID OG AKTIVITETER VÅREN 2018	8
Informasjonsarbeid: Nettsider, sosiale medium og media	8
Informasjonsarbeid: Workshop, innlegg og føredrag	8
Tilrådingar	8
Kompetanseheving for tilsette	9
Tilrådingar	9
Andre aktiviteter	10
SAMARBEID OG SYSTEMARBEID	10
Skulane	10
Opplæringsavdelinga	10
Tilrådingar	11
Tilrådingar	12
VEGEN VIDARE	12

Forord

Dette er ei løypemelding frå mobbeombodet til fylkestinget i Hordaland. Meldinga gjeld for tidsrommet januar 2018 til juli 2018. Frå hausten 2018 har mobbeombodet fått utvida stilling og er no i tillegg mobbeombod for barnehagebarn og elevar i grunnskulen. Frå hausten 2018 vil mobbeombodet rapportere på skuleår, slik at rapporten kan leggjast fram på fylkestinget i desember og sjåast i samanheng med kvalitetsmeldinga.

Løypemeldinga utfyller årsrapporten gjort for 2017 og må sjåast i samanheng med denne. Løypemeldinga er ei oppsummering av arbeidet som er gjort av mobbeombodet i perioden. I tillegg fremmar mobbeombodet råd til opplæringsavdelinga og politikarane.

Eg får vere med på mykje godt samarbeid med dei som jobbar kring elevar og lærlingar. Det er mange engasjerte og dyktige menneske som jobbar hardt for å skape gode læringsmiljø for elevane og lærlingane, både i fylkeskommunen og ute i bedriftene.

Eg vil takke alle gode samarbeidspartnarar og ikkje minst alle dei som tar kontakt og delar sine historier og erfaringar med meg.

Helsing

Mari-Kristine Morberg
Mobbeombod i Hordaland

15.10.2018

Tilrådingar

Her følger ei oppsummering av tilrådingane frå mobbeombodet i Hordaland. Tilrådingane er gitt med bakgrunn i spørsmål og saker ombodet har jobba med, erfaringar ombodet har gjort i møte med elevar, lærlingar og tilsette i Hordaland fylkeskommune, samt tall frå Elevundersøkinga og Lærlingundersøkinga. Ombodet har sida sist fått vite at Opplæringsavdelinga jobbar med å få plass interne rutinar for kapittel 9A-saker, som inkluderer risikobasert tilsyn. Dei fleste tilrådingane frå førre årsrapport står ved lag, i tillegg kommer det fram to nye råd.

Bakgrunn og grunngjeving for tilrådingane er gitt i denne løypemeldinga og årsrapporten for 2017.

Mobbeombodet tilrår at:

- Hordaland fylkeskommune opprettar ei informasjonsside på www.hordaland.no om elevar og lærlingar sine rettar og kva dei kan forvente av skulen/fagopplæring i skulemiljø/arbeidsmiljø-saker.
- Hordaland fylkeskommune sørgjer for systematisk kompetanseheving for alle tilsette med arbeidsstad skule om førebygging og handtering av saker etter kapittel 9A.
- Opplæringsavdelinga har ein eigen person (skulemiljørådgjever) som har ansvar for skulemiljø, kapittel 9A og ansvar for det interne kvalitetssystemet på dette feltet.
- det blir gjennomført tilsynsbesøk etter prosedyren «Retningslinjer for tilsynsbesøk i tråd med krav i lov og forskrift – kapitla 9A og 11».
- det opprettast eit innsatsteam mot mobbing, som kan gå inn i konkrete saker og støtte skulane. Dette kan gjerne opprettast i samarbeid med Sogn og Fjordane, slik at det er klart til samanslåinga.
- nettverksgruppa for psykososialt miljø (OT/PPT) hjelper skulane med handteringskompetanse på kapittel 9A.
- OT/PPT jobbar vidare med betre metodar for å avdekke mobbing i avklaringsamtalen når ein elev planlegg å slutte på skulen.

Mobbeombodet i Hordaland

Mobbeombodet er ein uavhengig instans som skal sikre at elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring får ivaretatt rettane sine til eit godt læringsmiljø. Mobbeombodet har mellom anna som oppgåve å:

- vere eit lågterskeltilbod for lærlingar og elevar i vidaregåande utdanning
- formidle kunnskap og informasjon om elevane/lærlingane sine rettar til eit godt skule/arbeidsmiljø
- vere døroppnar for hjelpetenester og rettleie i lover, prosedyrar og saksgang
- jobbe aktivt for å spreie kunnskap om førebygging og handtering av mobbing og krenkingar
- vere oppdatert på aktuell forskning og bidra til å gjere forskinga kjend, blant anna gjennom sosiale medium

Mobbeombodet jobbar opp mot kapittel 9A¹ i opplæringsloven (elevane si rett til eit trygt og godt skulemiljø). Ombodet er ikkje ein sakshandsamar, men ein koordinerande aktør, pådrivar og rettleiar i skulemiljø saker. Mobbeombodet har ikkje mynde til å pålegge skulane tiltak, men kan rettleie og påverke gjennom Opplæringsavdelinga og andre instansar om naudsynt. Ombodet har teieplikt.



Frå 01.01.2018 er ombodet plassert i økonomi- og organisasjonsavdelinga.

¹ Kapittel 9A i opplæringsloven er det kapitlet som omhandlar elevane er oppdatert frå 1.8.2017. Sjå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#KAPITTEL_11 for heile kapitlet.

Foto: Atle Kold Hansen, HFKelet

Prioriterte innsatsområde våren 2018 har vore vaksne som krenker/mobbar, samt «blinde flekker» - til dømes gutar og relasjonell mobbing, digitale krenkingar og identitetsbasert mobbing.

Saker og førespurnader

Det er ei stadig auke i mengd saker og førespurnader mobbeombodet mottar. Det tyder på at ordninga stadig blir betre kjend. Frå august 2018 har det vore ein stor auke i førespurnader, dette heng saman med at mobbeombodet har fått utvida målgruppe.

Når det gjeld vidaregåande opplæring, så var det våren 2018 i hovudsak tilsette i skulane som tar kontakt med mobbeombodet og ønskjer rettleiing i 9A-saker. Nokre saker gjeld klassemiljø og fleire involverte elevar, nokre gjeld oppfølging på bakgrunn av resultat i elevundersøkinga. Tilsette tek hovudsakleg kontakt via telefon, men òg på e-post eller i samband med føredrag/kurs.

Når det gjeld grunnskule er det først og fremst føresette som tar kontakt via telefon, så via e-post, på sosiale medium eller etter føredrag/kurs, i den rekkefylgja. Desse sakene har som regel gått føre seg over lang tid og familien opplever at dei ikkje får hjelp på skulen eller av skuleeigar.


Når elevar eller lærlingar tar kontakt er det i direkte møte (til dømes på skulebesøk) eller på Snapchat. Dei unge spør om korleis dei kan gå fram for å få hjelp eller dei fortel at det skjer ting på skulen som ikkje er greitt og at skulen ikkje gjer noko med det. Andre som tar kontakt fortel om skular dei har gått på tidlegare, dei er bekymra for at andre skal oppleve det same som dei har gått gjennom og lurar på kva dei kan gjere med det.

SAKER – KVEN GJELD SAKA?

År	VGS	Lærlingar	Grunnskule	Barnehage	Andre	Generell	Totalt
2015 (frå 1.8.15)	6	1	6	-*	1	-	14
2016	25	2	6	-*	4	-	37
2017	38	5	11	-*	1	-	55
2018 (1.1.18- 31.7.18)	18	2	12	0	4	-	36
2018 (t.o.m. 15.10.18)	10	0	42	1	5	3	61

*Barnehage har vært kategorisert som «andre» dei tre første årene.

Kven gjeld saka? (vår 2018)




For våren 2018 har 13 saker omhandla jenter, 10 saker omhandlar gutar og tre saker involverer elevar av begge kjønn. I 12 saker har kjønn vore ukjend.

FØRESPURNADER – KORLEIS OG KVEN TAR KONTAKT MED OMBODET?

Mobbeombodet har fått 14 førespurnader via Snapchat våren 2018. 4 av desse har blitt definert om til saker. Dei er ein del av statistikken over. Totalt (inkludert sakene) er det registrerte 46 førespurnader.

Kven tok kontakt?



Førespurnadene på Snap er anonyme, så det er ikkje alltid mogleg å kategorisere om dei kjem frå elevar på vidaregåande, i ungdomsskulen eller om dei er utanfor opplæring.

Frå august 2018 har begge omboda begynt å dele førespurnadane inn i tre kategoriar etter arbeidsomfang. Kategorien saker vil då ikkje lengre eksistere.

Informasjonsarbeid og aktiviteter våren 2018

INFORMASJONSARBEID: NETTSIDER, SOSIALE MEDIUM OG MEDIA

På nettsida <https://www.hordaland.no/mobbeombod> fann ein våren 2018 informasjon om kva ombodet gjer og korleis ein kan få hjelp av ombodet. I tillegg hadde sida to undersider. Her fann ein ei «oppskrift» på korleis ein kan gå fram om ein ikkje har eit godt skule/arbeidsmiljø. Sida blei oppdatert august 2018 for å spegle nye arbeidsoppgåver.



Mobbeombodet er på facebook under www.facebook.com/mobbeombodet. Her delast relevant informasjon, tips og nyhende.

Frå januar 2018 har mobbeombodet i tillegg valt å satse på Snapchat (søk på «mobbeombod») som ein informasjonsskanal for å nå ut til fleire unge.

Mobbeombodet har ei intranettside som er tilgjengeleg for alle tilsette i Hordaland fylkeskommune. Her delast aktuelle saker, litteratur og filmtips, undervisningstips, samt presentasjonar frå kurs.

Mobbeombodet har skrevet eller bidratt til tre kronikker og debattinnlegg våren 2018. Ho har vore intervjuet til minst tre artiklar og nyhendesaker hos NRK Hordaland, Bergens Tidende og Bergensavisen. I tillegg har ho blitt intervjuet på «Hordaland i dag» (NRK Radio) og det har vært publisert en rekke notisar i ulike lokalaviser. Ombodet har og vore intervjuet av podcasten til «Lektor Lomsdalen» saman med utdanningsjurist.

INFORMASJONSARBEID: WORKSHOP, INNLEGG OG FØREDRAG

Arbeidet med å gjere ordninga kjent held fram våren 2018.

År	Workshop med elevråd	Foredrag/workshop elevar	Foredrag/workshop lærlingar	Foredrag for tilsette i skulen	Foredrag ulike interne samlingar	Eksterne foredrag/innlegg	Totalt
2017	22	7	5	10	10	8	62
Vår 2018	1	2	1	2	3	8	17

På skulane informerer ombodet om ombodsordninga, om rettane til eit god skulemiljø og mobbing. Mange elevar fortell at dei ikkje kjente til kapittel 9A og rettane sine. Ombodet opplever likevel at skulane har meir fokus på å formidle denne informasjonen enn tidlegare.

Eksterne foredrag og innlegg har vore til dømes for lærarstudentar, på SLT-konferansen til Bergen kommune, på Trygg i Fjell-konferansen, osv.

TILRÅDINGAR

- Hordaland fylkeskommune opprettar ei informasjonsside på www.hordaland.no om elevar og lærlingar sine rettar og kva dei kan forvente av skulen/fagopplæring i slike saker.

Mobbeombodet informerer mykje om kapittel 9A. Skular har ei informasjonsplikt etter § 9 A-9 «Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.»

Mobbeombodet anbefaler at Hordaland fylkeskommune har ei felles informasjonsside på www.hordaland.no, om elevar og lærlingar sine rettar og kva dei kan forvente av skulen/fagopplæringskontoret i slike saker. I samanheng med ei slik side må ein og gå gjennom informasjonen på kvar seksjon og alle skular sine nettsider. Alle skular bør i tillegg lenke til omboda sine sider og kontaktinformasjon.

Sida må alltid vere oppdatert og mellom anna innehalde:

- Elevar sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, korleis dei kan få hjelp, kva dei kan forvente av eigen skule, samt informasjon om Hordaland fylkeskommune sine rutinar for handsaming av brott på kapittel 9A.
- Informasjon om korleis ein klager på lærar og kva som skjer når ein gjer det.
- Eit sikkert skjema der ein enkelt kan melde til skulen/opplæringsavdelinga/ mobbeombodet.
- Lærlingane må finne informasjon om rettane sine til eit godt arbeidsmiljø, korleis dei kan få hjelp, kva fagopplæringskontoret sine rutinar er når lærlingar ikkje har det bra i lære og kva dei kan forvente av fagopplæringskontoret og Hordaland fylkeskommune i slike saker.

Ei anna måte å informere lærlingane på er å lage ein app, med informasjon om rettar og plikter i arbeidslivet, samt ein enkel måte for lærlingane å komme i kontakt med fagopplæringskontoret på.²

KOMPETANSEHEVING FOR TILSETTE

Mobbeombodet har jobba med kompetanseheving gjennom å alltid takke ja til å halde innlegg for tilsette på til dømes rådgjeverksamlingar og føredrag på den enkelte skule. Våren 2018 har det òg vore gjennomført to kursdagar gjennom kursrekka «Slik handterer vi mobbing» samt ein eigen open kursdag «Utsette grupper og universelle tiltak».

TILRÅDINGAR

- **Hordaland fylkeskommune sørgjer for systematisk kompetanseheving for alle tilsette med arbeidsstad skule, til dømes gjennom det nye nettkurset frå Kunnskapsdepartementet som blir tilgjengeleg for vidaregåande opplæring i 2019.³**

Rett kompetanse er heilt naudsynt for å handtere sakene om skulemiljø og mobbing skikkeleg. Mobbeombodet ser at det er behov for ytterlegare kompetanseheving. Viktige område ombodet meiner skulane bør få auka kompetanse på er mellom anna: observasjons-kompetanse (relasjonell og skjult mobbing) og identitetsbasert mobbing, deriblant mobbing på tilrettelagte grupper. Kunnskap og kompetanse om handtering av kapittel 9A er som all anna kunnskap, ein må nytte den jamleg for å vere god på dette arbeidet.

Hordaland fylkeskommune må følge opplæringslova og sørgje for at alle som jobbar på skulane kjennar til sine plikter etter kapittel 9A. Dette er uavhengig av kva rolle ein har, om ein er lærar, tilsett i kantine eller reinhaldsoperatør, og kva avdeling ein er tilsett i. Denne kompetanseutviklinga må vere systematisk og jamleg.

Ombodet meiner alle skulane bør nytte seg av tilbodet frå Kunnskapsdepartementet om skulebasert kompetanseheving. Andre måte å sørge for at skulane har tilstrekkeleg kompetanse på er jamlege obligatoriske kurs for leiing med ressurspersonar om handtering av kapittel 9A-saker, her iblant § 9A-5-saker (vaksne som krenker). Ombodet meiner at kvar skule bør ha ei ressursgruppe som er ekspertar på kapittel 9A, som blir følgt opp av opplæringsavdelinga og som får fagleg påfyll kvart semester. Det bør vere

² Det er mogleg at det er i ferd med å utviklast ein slik app i Oslo. Hordaland fylkeskommune må i så fall vise interesse for å få tilgang til appen/bidra inn i arbeidet.

³ <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/tilbud-om-kompetanseutvikling-miljo-og-mobbing/nettkurs-om-miljo-og-mobbing/>. Dette er eit nettkurs for å støtte skular som ønskjer å vidareutvikle kompetansen i å førebygge krenkelsar, og fremme gode og trygge miljø. Kurset varer i 1,5 år.

ressurspersonar i avdelinga som har særskilt kompetanse på kapittel 9A-saker. Vidare bør ein legge til rette for praksisutveksling når det gjeld tiltak i 9A-saker mellom skuleleiingar.

ANDRE AKTIVITETER

Prosjekt digital dømmekraft

Hausten 2017 inviterte mobbeombodet dei fylkeskommunale skulane i Hordaland og Ungdommens fylkesutval til å delta i eit prosjekt om digital dømmekraft.

Prosjektet starta opp på bakgrunn av

- 1) Skulane melder at dei har mange krevjande digitale (mobbe)saker på skulane
- 2) Ungdata og elevundersøkinga viser at mange unge har negative opplevingar på nett
- 3) NORSIS-rapport⁴ (2017) fortel at unge ikkje får eller ikkje veit om dei får opplæring i informasjonstryggleik

Mål:

- Utvikle eit opplegg som hjelper elevar på VG1 til å ta gode og kloke digitale val.
- Opplegget kan gjennomførast i VG1 av og med elevar på alle dei vidaregåande skulane i Hordaland.
- Lærarar og leingi vil auke kompetansen om digital dømmekraft og nettvett.
- Klart til å gjennomførast på skulane hausten 2018.

Prosjektgruppa bestod av tre-fire elevar frå fire vidaregåande skular i Hordaland. Prosjektet blei utforma av elevane. Dei bestemte sjølve problemstillinga og korleis dei ville løysa problemet. Elevane har utforma to opplegg, ein del består av undervisningsopplegg i klassen for elevane, ei anna del av undervisning for lærarane. Prosjektet blei avslutta juni 2018 og presentert for elevråd og skuleleiing på skulemiljøkonferansen september 2018. Ressursane som elevane utvikla er tilgjengelege på www.laringihordaland.no.

Samarbeid og systemarbeid

For ombodet har det vore viktig å samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring, både interne samarbeidspartnarar som seksjonar i opplæringsavdelinga og vidaregåande skular, men også eksterne samarbeidspartnarar som til dømes opplæringskontor og Elevorganisasjonen. Mobbeombodet har eit tett og godt samarbeid med elev- og lærlingombodet gjennom våren 2018.

SKULANE

Mobbeombodet opplever eit godt samarbeid med skulane, både når det gjeld det førebyggjande arbeidet og i arbeid med konkrete saker. Elevinspektøren ved den enkelte skule har vore ein god og viktig samarbeidspartnar for mobbeombodet, i samband med skulebesøk, men og om enkeltsaker. Dei vidaregåande skulane tar i stor grad kontakt med ombodet og ønskjer å drøfte saker eller få rettleiing.

OPPLÆRINGS-AVDELINGA

Mobbeombodet var frå 1.8.15 til 31.12.17 ein del av Opplæringsavdelinga og har opplevd samarbeidet som godt. Ombodet blei flytta ut av Opplæringsavdelinga frå 1.1.2018, det er no færre både formelle og uformelle møtepunkt. I enkeltsaker opplever ombodet eit svært godt samarbeid.

Seksjon skule

Skuleeigar er ansvarleg for krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er naudsynlege for at krava skal kunne oppfyllest (etter § 13-10 «Ansvarsomfang» i opplæringslova). Fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune er i gang med å oppdatere det interne systemet etter nytt kapittel 9A. Dette arbeidet er viktig og bør ha høg prioritet i avdelinga.

⁴ <https://norsis.no/ungdom-digital-sikkerhetskultur/>

Mobbeombodet har vore involvert i arbeidet med nye rutinar og prosedyrar for kapittel 9A og har også sørgja for kompetanseheving på området. No som ombodet har gått ut av seksjonen er det viktig at det administrativt er nokon som får eit særskilt og tydeleg definert ansvar på dette området. Det kan til dømes vere ein skulemiljørådgjevar⁵ som har som oppgåve å

- sørge for at kvalitetssystemet er oppdatert
- at skulene har handlingsplanar på plass
- at skulane veit kor dei finn rutinane i kvalitetssystemet og følgjer dei.
- at skulane sender kopi av aktivitetsplan til opplæringsavdelinga, slik at ein har ei full oversikt over kor mange 9A-saker ein har og korleis desse blir handtert på skulane
- det må rapporterast på dette i den årlege kvalitetsmeldinga
- kjenne til kva som blir gjort på den enkelte skule av til dømes førebyggjande arbeid og ha samla oversikt over om det er nokon skular som treng rettleiing og støtte på feltet
- rettleie og kurse skulane i enkelt saker og ved behov

Mobbeombodet kjenner til at Opplæringsavdelinga no jobbar med å utvikle det interne kvalitetssystemet på kapittel 9A. Ombodet vil bli invitert inn i det systematiske arbeidet med dette, dette ser ombodet fram til.

TILRÅDINGAR

- **Opplæringsavdelinga bør ha ein eigen person (skulemiljørådgjevar) som har ansvar for skulemiljø, kapittel 9A og ansvar for det interne kvalitetssystemet på dette feltet.**
- **Det blir gjennomført tilsynsbesøk etter prosedyren «Retningslinjer for tilsynsbesøk i tråd med krav i lov og forskrift – kapitla 9A og 11».**⁶

Seksjon OT/PPT (Oppfølgingstenesta og Pedagogisk-psykologisk teneste)

Ombodet deltar i OT/PPT si nettverksgruppe for psykososialt miljø. Grappa arbeidar med ein intern rutineperm, samt kompetanseheving på kartleggingsverktøy. Mobbeombodet og nettverksgruppa fremma januar 2017 ei sak om etablering av eit tverrfagleg «innsatsteam» for leiargruppa ved opplæringsavdelinga. Innsatsteamet skal ha brei kompetanse og mandat til å gå inn i særleg kompliserte saker ved dei vidaregåande skulane og sikre god og effektiv handtering av mobbesaker.

Mobbeombodet meiner framleis at eit slikt innsatsteam ville vere nyttig. Eit slikt team kan gjerne byggjast saman med Sogn og Fjordane. Utdanningsdirektoratet har no lagt ut ei rettleiing⁷ for korleis eit slikt team bør sjå ut og kva ein må tenkje på.

Frå august 2018 har mobbeombodet fått utvida feltet sitt med nesten 100 000 barn og unge og kan ikkje vere like tett på dei vidaregåande skulane. Mobbeombodet meiner at nettverksgruppa for psykososialt miljø har god kunnskap til arbeid med kapittel 9A og må kunne nyttast (i større grad?) av skulane for kompetanseheving på dette feltet. Korleis kan ein jobbe førebyggjande, korleis kan ein avdekke og handtere skulemiljøsaker?

Ombodet veit at OT jobbar for å utvikle avklaringsamtalen. Mobbeombodet støtter dette arbeidet. Ho meiner at samtalen må utnyttast slik at det blir større sjanse for å avdekke når det er mobbing/mistrivsel som er orsak til at ein elev planlegg å slutte på skulen. Informasjonen må systematiserast slik at skulane kan nytte den til å forbetre skulemiljøet.

⁵ Sjå til dømes Vestby kommune (<https://www.vestby.kommune.no/raadgiver-i-bedre-barnehage-og-skolemiljoe.5792347-374649.html>) eller Bærum kommune (Trygg-kontakt: <https://www.baerum.kommune.no/tjenester/skole/trygt-skolemiljo/>).

⁶ I følgje rutinane skal det gjennomførast tilsyn ved eit utval skular kvart år. Mobbeombodet er ikkje kjent med at det er gjennomført slik tilsyn, men veit no at Opplæringsavdelinga jobbar med nye rutinar for dette.

⁷ <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/kommunalt-beredskapsteam-mot-mobbing/>

TILRÅDINGAR


- **Hordaland fylkeskommune opprettar eit innsatsteam mot mobbing, som kan gå inn i konkrete saker og støtte skulane. Dette kan gjerne opprettast i samarbeid med Sogn og Fjordane, slik at det er klart til samanslåinga.**
- **Nettverksgruppa for psykososialt miljø (OT/PPT) hjelper skulane med handteringskompetanse på kapittel 9A.**
- **OT/PPT jobbar vidare med enda betre metodar for å avdekke mobbing i avklaringssamtalen. Informasjonen må systematiserast slik at skulane kan nytte han.**

Vegen vidare

Frå 1. august har ombodet fått utvida mandat og er no ombod for barn i barnehage og elevar i grunnskulen. Ombodet ser ei enorm auking i tal førespurnader og må no jobbe på ei anna måte. Det vil ikkje vere tid til like mykje førebyggjande arbeid og ho må seie nei til fleire førespurnader om kompetanseheving for tilsette i fylkeskommunen.

Mobbeombodet jobbar med å informere barn, unge, føresette og tilsette i kommunane om at ho finst. Ho jobbar òg med å bli kjend med kommunane og korleis dei jobbar førebyggjande og i konkrete skulemiljøsaker. Kven kan hjelpe med kva kor?

Innsatsområde for 2018 er framleis «korleis kan du hjelpe ein venn eller ein medelev som ikkje har det bra?» Kva gjer skulen, barnehagen og den enkelte tilsette for å legge til rette for at barna elevane kan fortelje?



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

Notat

Dato: 15.11.2018
Arkivsak: 2014/560-370
Saksbehandlar: sillyng

Uttale frå UFU: Status for arbeidet med likestilling og likeverd i Hordaland Fylkeskommune, rapport per oktober 2018

Ungdomens Fylkesting meiner at arbeidet med likestilling og likeverd i Hordaland Fylkeskommune er veldig viktig. Me er takksame for arbeidet som vert gjort for å forbetre dei ulike arenaene i fylket, slik at kvardagen vert betre for alle, ikkje minst for barn og unge! For å kunne gjere dette ser me på det som viktig at ein har tett oppfølging av Hordaland Fylkeskommune sin Temaplan for likeverd.

Me synast det er positivt at de har fokus på at lokal lønnspolitikk skal fremja og ivareta likestilling mellom kjønna. Nulltollerering for trakassering og mobbing er eit viktig ubeskrivelig viktig tema, ettersom dette kan skade enkeltpersonar, familiar og lokalmiljø for livet.

At det har vorte gjennomført LHBT-kursing av rektorar, tilsette og elevar i HFK er eit viktig steg i rett retning, men burde vidareførast i endå større grad.

Fokuset på karriererettleiing i fylket er viktig. Samstundes ser me at mange elevar framleis opplever at dei ikkje for like mykje veiledning som dei har bruk for, for å kunne velje karriereveg med trygghet og på egne bein.

Under avsnittet om utdanning står det at det er ynskje om at ungdom som har dotte ut av den vidaregåande opplæringa skal hjelpast tilbake på rett veg att. Me er einige i dykkar slutning om at produksjonsskular vil vera vegen å gå for å oppnå dette målet på best mulig måte.

Ungdomens Fylkesting ynskjer eit endå større fokus på vedlikehald og tilrettelegging av elevar i den vidaregåande skulen - både i undervisninga, og i utforminga av skulen.

Behova og tilrettelegging for elevar med funksjonsmmingar er også er viktig å ta med i utforminga av skulen, for at kvardagen deira ikkje skal skile seg unødvendig mykje ut i forhold til andre elevar. For å oppretthalde slike tiltak er vedlikehald viktig.

At det vert lagt fokus på innføringsklassar er noko Ungdommens Fylkesting meiner er heilt nødvendig for å styrke skulekvardagen til alle. Derfor meiner me også at det burde vera større fokus på at desse klassane tilbringar meir organisert tid med resten av skulen.

Som dykk ynskjer også me ein betre kjønnsbalanse innanfor yrkesfag, som basert på frie val.

Det er viktig for oss at folk med funksjonshemmingar har like tilbod som alle andre innanfor kollektiv tilbodet. Me ynskjer difor at det vert fleire bussar og tog som er tilrettelagt for desse.

Me verdset høgt at det vil vera stort fokus på tannhelsetilbodet. Dette fremjar ein god oppvekst og utvikling, ved at det vert vist omsorg. Dette er spesielt viktig for barn og unge som har fordi for tannbehandling.

Marius Hellan Hindenes
leiar
Ungdommens fylkesutval

Notat

Dato: 15.11.2018
Arkivsak: 2014/560-368
Saksbehandlar: sillyng

Til: Ungdommens fylkesutval

Frå: Fylkesrådmannen

Uttale frå UFU: Young People engagement in political decision making

Hordaland fylkeskommune sin samarbeidsregion Orkney islands sendte ei førespurnad til HFK om fylkeskommunen kunne svare på korleis politisk engasjement bland ungdom hadde betydning for den politiske styringa i Noreg. Svaret skulle nyttast i ein rapport utarbeida av John Ross Scott «Scottish Young People Engagement Report». Spørsmålet blei vidaresendt Ungdommens fylkesutval som rette instans for svar på henvendinga.

Medlem av Ungdommens fylkesutval, Jens Hestnes Andersen, skrev eit utfyllande svar og sendt til John Ross Scott. Sjå vedlegg for svaret i si heilhet.

Vedlegg

- 1 Uttalen frå UFU til John Ross Scott

What does young people engagement in Norway mean for the decision making in the country?

The essence of the text and a little food for thought while reading the text captured in one sentence:

“Ungdom er fremtiden, la oss ta del i å forme den” – Jens H. Andersen

Translation:

“Youths are the future, let us take part in shaping it”

The politics in Norway are in many ways influenced by the Norwegian youth on both micro-, middle- and macro-level. At the schools as well as in national politics, the youths always get to speak their mind when something that will affect them is decided. The schools have their own “pupil councils”, which are required by Norwegian law, most municipalities and counties have “youth councils”, and there’re also youth parties from every big political party as well as unbiased one-cause youth organizations on a macro-level.

The principle of participation:

In Norway all the work concerning youths must take youths’ voice into consideration. If a new school is built, there’s always a planning group where youths gets their say in how the new school should look and work. If a new bill is proposed, youth organizations will always have their say before the bill can be passed. Norway is built upon this principle of participation and the principle is based on the thought that everyone should get their say even though they are not able to vote yet. This principle is what makes the youth stand up for what they believe is right and try to change the world for the better for the generation that comes after.

Youth parties and mother parties:

Perhaps the most visible way the Norwegian youth participates in the democracy is through the youth parties which are all tied to their mother party through ideology and shared representatives. The youth- and mother-parties have a strong connection and often the youth influence the mother party to the youths’ advantage.

The youth parties work as youth counterparts to the mother party and they’re always challenging the mother parties to see the world from another perspective. The youth parties are often more innovative and radical than their mother parties and youth parties are also very often the ones who push for bills to be passed and for the mother parties to go back to their core values if they are sliding away from them.

Since the youth parties have a high exchange of their members they always have new input and ideas on how to solve the problems we face in modern society. The creativity makes the youth parties into gold mines for older politicians who might lack the innovative mind that they need to take their country forwards into the future.

One-cause groups:

In all countries there are one-cause groups that are fighting for what they believe in and in Norway, some of these organizations are “youths only”-organizations. Two of the examples I

want to use is “Natur og Ungdom¹” which is a youth organization working for the environment and “Elevorganisasjonen²” which is the Norwegian student union. What they have in common is that they focus on one topic and they influence the politics on their own specific points. The government use these organizations as a voice from the general youth, and even if the youth organization disagrees with the government the politicians will use the voice of the youth to try to compromise with them. This is a good way of involving youth into the political decisions taken nationally. It assures the government that it has the youth perspective and that “the young side” gets their say.

These one-cause groups are also sometimes rebellious and have big protests against the state. This is something not very common, but it may occur occasionally if there’s something the youths find really upsetting.

Youth participation and voice in Micro-institutions vs Macro-institutions:

On a micro-level, like in schools, the pupils’ counsel are the ones who speak for the pupils. The effectiveness of these councils varies from council to council but with an adult who can help organize, the pupils counsel is very often a great success.

While the macro-level institutions like the state has their own state-independent organizations making sure that the youth is heard, the municipalities and counties of Norway has created their own way of giving their young ones a voice. The middle-level institutions have different counsels. The “youth municipality counsel³” and “youth county counsel⁴” is a growing phenomenon in Norway and this is a trend that gives the youth in Norway a stronger voice and an actual way of participating in their local politics.

The politicians’ resource:

A lot of the politicians in Norway sees the youth as a resource to get more voters and to get a broader perspective on what they’re fighting for. The view politicians in Norway has, that youth is a resource that should be used, builds strong and creative political force. This force is what drives the very soul of youth participation and what makes new youths get engaged in causes in their local milieu and later in national politics.

There’s a lot of ways in which the Norwegian youths can participate but what is most important is that the youth is in charge themselves and that adults and what’s “realistic” doesn’t get in the way of the young innovative thoughts that’s presented.

Ending words:

The youth of Norway have a lot of good ways of getting their voice heard, and this also reflects back on the democracy we live in. When the youth perspective is taken into consideration, the youth will utter their way of thinking and a new perspective on politics will be taken into the debate, and therefore Norway becomes a richer democracy. When young people are allowed to speak their minds freely, more innovative ideas comes into the light and we see more solutions to modern problems. The hearts and minds of youth was not made for containment and silence, but rather created for exploration and a listening ear.

¹ <https://nu.no/>

² <https://elev.no/>

³ <https://kommunal-rapport.no/video/2018/05/slik-funger-ungdomsradene-landet-rundt>

⁴ <https://www.hordaland.no/nn-NO/politikk/politisk-organisering/ungdommens-fylkesting-og-fylkesutval/>

Opplæring og helse

Mål	Tiltak	Ferdig	Vert ikkje gjort	Frist
Gratis skuleprinsippet er svært viktig, skule og utdanning skal vere gratis.	UFU går imot kopi- og utskriftsavgift ved vidaregåande skular.			
	UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekkja av grunnstipendet.			
Tilbakemelding og evaluering frå elevar i den vidaregåande skulen bør prioriterast.	UFU skal ved trong ta kontakt med politikarar for å ta sakene vidare i Opplæring- og helseutvalet.			
Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.	UFU skal arbeide for at dei vidaregåande skulane skal oppretthalde eit godt tilbod for ungdom i vidaregåande opplæring, med særskilt fokus på at distriktskulane skal bestå.			
Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.	UFU skal arbeide for at fleire tilbod som Hyssingen Produksjonsskule vert oppretta.			
Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.	UFU skal arbeide for at endringar i klinikkstruktur skal skje på et grunnlag som betrar tilbodet for ungdom.			
Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom.	UFU skal gå i dialog med opplæringsavdelinga og samarbeide for meir berekraftig og sunnare mat i kantine ved vidaregåande skuler i Hordaland.			
	UFU skal aktivt arbeide for at sunnare mat er et punkt i folkehelseplanen når den kjem på rullering.	x		
	UFU skal oppmode til at behovet for alternativ mat ved dei vidaregåande skulane vert dekt.			
	UFU skal aktivt arbeide for at det skal gis fleire midlar til helsesøsterordninga, skulepsykologar, og miljøterapeutar. Det skal vere ein helsearbeidar tilgjengelig på skulen kvar dag.			
	UFU skal arbeide for at deler av midlane som gis helsesøstrer, skolepsykologar og miljøterapeut skal øyremerkast til førebyggjande tiltak.			
	UFU skal arbeide for at det skal fastsettas at alle helsesøstrer skal ha minst 2 årlege samtalar/presentasjonar for elevar der det blir gjennomgått tiltak som enkeltungdom kan gjere for å betre eigen helse.			

God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.	UFU skal prioritere arbeid for å fremje eit mangfald av identitetar, for eksempel ved å delta på Bergen Pride.	x		
	UFU skal kontakta ungdomsrådet ved Haukeland Universitetssjukehus for å få innspel om korleis ein skal arbeida mot unge i psykisk vanskeleg situasjon.	x		
	UFU skal arbeida for at det vert oppretta liknande ordningar som "Miljøgruppa" ved Slåtthaug vidaregåande, ved alle dei fylkeskommunale skulane. Yrkesfagskular skal vera mest prioritert.			
	UFU skal følgje opp prosjektet snillsnakk med mobbeombodet i leiinga, for å førebyggje nettmobbing.			
	UFU skal arbeide for at psykisk helse står sentralt i delar av den generelle læreplanen.			
	UFU skal arbeide for at alle dei vidaregåande skulane i Hordaland skal vere MOT-skular.			
Det skal leggjast til rette for alternativ undervisning i den vidaregåande skulen.	UFU skal arbeide for fleksibel studietid på fleire skular enn Amalie Skram vidaregåande skule og Olsvikåsen			
	UFU skal arbeida for at skulane skal tilby leksehjelp for å tilretteleggja for elevane.			
	UFU skal jobbe for at dei vidaregåande skulane skal leggje til rette for meir fysisk aktivitet i skulekvardagen.			
Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast.	UFU skal arbeide for meir seksualundervisning i den vidaregåande skule.			
	UFU skal arbeide for ein meir omfattande seksualundervisning. Den skal vera haldningsskapande, og ha fokus på inkludering, kunnskap, betre helse og ulike legningar.			
	UFU skal arbeida for at seksualundervisninga ved alle vidaregåande skular i fylket skal gjennomførast av helse- søster eller anna helsefagleg personell.			
	UFU skal arbeide for å promotere organisasjonar som arbeider for å betre seksualundervisninga i skulen.			
	UFU skal arbeide for ei seksualundervisning der ein reflekterer over pornografiindustrien.			
Ein skal arbeide for betre integrering på vidaregåande skular.	UFU skal arbeide for hyppigare norskkurs for minoritetsspråklege vidaregåande skule elevar, slik at fleire ungdommar med flyktning- og asylbakgrunn har betre moglegheit til å byrje tidleg med utdanninga.			
	UFU skal arbeida for at det innførast ein obligatorisk dag, på tvers av klasser og linjer, der ein arbeider for å bli betre kjent. Dette for å betre inkludering i skolen.			
	UFU skal arbeida for at det vert nytta MIKS-klassar i undervisninga for å skapa god integrering i skulen.			
	UFU skal arbeide for at det opprettast fleire lærlingplasser i Hordaland.			

Lærlingordninga skal reflektere behovet, slik at alle får moglegheit til å fullføre utdanninga.	UFU skal jobbe aktivt for at det informeres om de fremtidige jobbmulighetene innenfor hver enkelt yrkesfaglige linje.			
	Lærlinger som ikke består svenneprøve/fagprøve skal likevel få et individuelt utformet kompetansebevis av arbeidsgiver for det utførte arbeidet.			
	UFU skal jobbe for å utvikle tilbud om forsterket VG3 for elever uten lærlingplass.			
	UFU skal være en aktiv pådriver for å utvikle et godt samarbeid med lærlingerådet.			
Å samla elevråda ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for å skapa samarbeid og dialog på eit politisk nøytralt grunnlag.	UFU bør arrangere ein elevkonferanse for representantar frå alle dei vidaregåande skulane i fylket med jamnlege mellomrom. Der skal ein fokusere på erfaringsutveksling mellom dei ulike skulane. Her får også UFU ein sjanse til å promotere seg og sin politikk.			
Sambandet mellom utdanning og arbeidsliv er viktig, og derfor skal elevar på yrkesfag kunne møte reelle arbeidssituasjonar.	UFU skal jobbe aktivt for å innføre vekslingsmodellen for yrkesfag i fleire skular i Hordaland.			
	Utstyrsparken til dei vidaregåande skulene som tilbyr yrkesfag skal vere moderne og kunne simulere reelle arbeidssituasjonar og at utstyrsparkane ved skulene tilsvarer dei ein finn i arbeidslivet			
Det er viktig å auke lærarane si digitale kompetanse slik at dei kan utdanne elevar som er klare til å møte eit digitalisert arbeidsliv.	IKT og digital kompetanse skal være en viktig del av lærerutdanningen.			
	Fleire lærarar skal få tilstrekkeleg vidareutdanning innan IKT.			
	Det skal utvikles støtteordninger for investering i IKT og digital infrastruktur på vidaregåande skoler i Hordaland.			
Grensa for gyldig politisk fråværet skal aukast.	UFU bør ta kontakt med aktuelle politikere for å kunne påverka grensa for politisk fråvær.			
Ungdom i fylket skal ha ei sterk røyst i samfunnsdebatten	UFU bør inngå eit samarbeid med Elevorganisasjonen for å drive erfaringsutveksling for å best sikre elevdemokratiet.			

Kultur, idrett og regional utvikling

Mål	Tiltak	Ferdig	Vert ikkje gjort	Frist
	UFU skal føreslå førebyggjande tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket til folkehelseplanen.			
	UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod.			

Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv.	UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular i fylket blir pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing, i samarbeid med skulen sine elevar og mobbeombodet i Hordaland.			
	UFU skal aktivt arbeide for å få hjartestartarar ved alle vidaregåande skular i Hordaland gjennom mellom anna dialog med Raude Krossen.			
	UFU skal arbeide for at det vert arrangert førebyggjande opplæring mot rusmisbruk av relevante ungdomsorganisasjonar som Juvente i dei vidaregåande skulane.			
	UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal lage fleire idrettsarenaer som «Fysak».			
Kulturtilbod og andre arrangement for ungdom skal styrkast, oppretthaldast og fremheves.	UFU skal oppretthalde samarbeidet med den kulturelle skulesekken om kulturtilbod i den vidaregåande skulen.	x		
	UFU skal samarbeide med fylkeskommunen om å utvide opningstider på museum i Hordaland.			
	UFU skal arbeide for å oppretthalde tilbodet Bokbåten Epos i Hordaland.			
	UFU skal oppretthalda samarbeidet med UKM.	x		
	UFU skal opprette og oppretthalde eit god samarbeid med idrettsavdelinga for å betre idrettsaktiviteter og hendingar for ungdom.			
Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.	UFU bør samarbeide med fylkesbibliotekaren for å fremje meir ungdomsvenlege bibliotek. Døme på eit slik tiltak er U-ROM på Bergen Offentlige bibliotek.			
	UFU bør arbeide for at biblioteka blir meir tilpassa ungdom, særskilt ungdom som treng ressursar som grupperom til skularbeid.			
	UFU skal arbeide for å utvide opningstider på fylkesbibliotek tilpassa ungdom.			
Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.	UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal gjere det lettare for ungdom å vite om og få informasjon om opne idrettsfasilitetar.			
	UFU skal arbeide for å oppretthalde posten i budsjettet til dette.			
Ungdom skal medverke i prosessen av utvikling av den nye regionen.	UFU skal samarbeide med ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane om et nytt regionalt medverknadsorgan for ungdom.			
	UFU skal komme med innspel om kva som er viktig for ungdom i den nye regionen.			

Miljø og samferdsel

Mål

Tiltak

Ferdig

Vert ikkje gjort

Frist

Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.	UFU skal arbeide for å sikre at prisen på ungdomskortet ikkje overskrider 45% av prisen på periodeskyss for vaksne per måned.			
	UFU skal arbeide for at det skal vere studentrabatt på all kollektivtransport i fylket, samt at den skal gjelde uavhengig av reisetid og reiselengde.			
	UFU skal arbeide for likestilling av honnør og studentrabatt på all kollektivtransport i fylket.			
	UFU skal arbeide for at det skal utformast éin ny Skyss-app med alle funksjonane til dei noverande appane samla.			
	UFU skal arbeide for å senke nedre aldersgrense, og øke øvre aldersgrense på ungdomskortet.			
	UFU skal arbeide for å innføre bruk av ungdomskort på strekningar innanfor fylket på regiontoga.	X		
Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående korleis avgangar er tilpassa skuletidene og korleis korrespondansen mellom avgangar leggjast opp.			
	UFU kan samarbeide med ungdomsråd og fylkeskommunen om utbetring av kollektivtransportavgangar i fylket.			
	UFU skal arbeide for at nattbuss tilbodet i fylket skal både betrast og oppretthaldas, særskilt i distrikta.			
Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående trafikksikring for ungdom.			
	UFU skal halde seg orientert om sakar i Fylkestrafikksikringsutval i Hordaland og fremje sakar ved trong.			
	UFU skal arbeide for at trafikksikring på E16 skal prioriterast.			
	UFU skal arbeida med trafikksikring på fylkesveg 541, serleg strekninga før Langevåg fejekai.			
	UFU skal arbeide for å redusere vedlikeholdsetterslepet på fylkesvegane, med hovudfokus på distrikta.			
	UFU skal vere ein aktiv pådrivar for trafikksikring av alle skuleveggar.			
	UFU skal arbeide for løysingar som undergangen ved Knarvik vidaregåande.			
	UFU skal arbeide for at det skal vere trepunktbelte på alle bussane i Hordaland.			
	UFU skal arbeide for å gjere det meir attraktivt for ungdom i Hordaland å bruke belte på buss.			
	UFU skal kome med uttale til Klimaplanen når den rullerast kvart år.			
	UFU skal vere ein aktiv deltakar i Klimarådet.			
	UFU skal arbeide for meir miljøvenlege fylkeskommunale bygg, med særlig fokus på vidaregåande skular			

Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.	UFU skal arbeide for kjøttfri-måndag ved alle fylkeskommunale bygg i Hordaland			
	UFU skal arbeide for fleire elbil-ladestasjonar ved fylkeskommunale bygg			
	UFU skal vere aktiv pådrivar for avfallsortering på fylkeskommunale bygg, særskilt vidaregåande skular.			
	UFU skal bidra og arbeide for papir og plastreduksjon i fylkeskommunen.			
	UFU skal vere ein aktiv pådrivar for miljøvenlege formar for drivstoff på bussar i fylkeskommunen.			
	UFU skal samarbeide med miljøorganisasjonar som Natur og Ungdom, Changemaker og Framtiden i våre hender.			
	UFU skal arbeide for ein betre miljøsertifiseringsordning på vidaregåande skule enn miljøfyrtårn.			
	UFU går imot store naturinngrep som følgjer av næringsverksemd i Hordaland.			
UFU skal vera ein aktiv pådrivar for utbygging av hydrogenstasjonar i fylket.				

Eigen organisasjon

Mål	Tiltak	Ferdig	Vert ikkje gjort	Frist
Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.	UFU skal fremje eit nært samarbeid med dei ulike avdelingane og utvala i Hordaland fylkeskommune.			
	UFU skal sjå til at det er ein kontaktperson i utvalet til dei tre politiske utvala i HFK; utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for opplæring- og helse og utval for miljø og samferdsel.			
	UFU skal sjå til at alle føler seg velkommen til utvalet og at alle har ein moglegheit til å fremje si meining.			
	UFU bør sende representantar på dei ulike partia sine gruppemøte når der er oppe saker som er aktuelle for UFU.			
Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på saker som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.	UFU skal hjelpe med oppretting og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.			
	UFU kan utarbeide og formidle ein brosjyre til hjelp i arbeidet i eit ungdomsråd/ungdommens kommunestyre.			
	UFU skal ta seg tid til å reise til kommunar utan ungdomsråd for å hjelpe til i oppstartfasen. Kommunane skal vere informerte om denne moglegheita.			
	UFU skal oppmode kommunar utan ungdomsråd til å ta del i årlige arrangement som UFT og nettverksamling.			

	UFU skal oppfordre elevråda til å arbeida for ei seksualundervisning med fokus på grensesetjing og handlingssskapande undervisning allereie i grunnskulen.			
Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse.	UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saker.			
	UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana.			
	UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Arbeidsgruppe for oppretting av Nasjonalt ungdomsråd.			
	UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan i dei ulike medverknadsnivåa.			
Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.	UFU skal utarbeide ei betre heimeside med meir informasjon.			
	UFU skal leggje ut minimum fire saker i månaden på Facebook eller Instagram .			
	UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, fylkeshuset, kulturmønstringa, osv.			
	UFU skal ha minst seks saker i media i løpet av 2018.			
	UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK.			
	UFU skal presentere seg og sakene til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av 2018.			
	UFU skal arrangere debatt for ungdom i fylket i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar.			
	UFU skal vere i tett dialog med interesseorganisasjonar for ungdom, for å styrke sakane våre, samt få nye perspektiv.			
Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særst viktig.	UFU skal arrangere ei nettverkssamling årleg over to dagar for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der hovudfokuset er på samarbeid og dialog både på tvers av råda og opp mot UFU.			
	UFU skal fremje godt samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdoms- råd/ungdommens kommunestyre gjennom ein kontaktpersonordning.			
	UFU skal ta kontakt med alle ungdomsråda i løpet av året for å ha god dialog og rådgjeving.			

PS 74/18 Ymse



Arkivnr: 2014/560-364

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	75/18	07.12.2018

Ungdommens fylkesting 2019: Vidare førebuing

Samandrag

Ungdommens fylkesutval har vedteke at Ungdommens fylkesting 2019 vert halde 15.-17. februar på Scandic Hotel Kokstad. Innkalling til tinget må ut 2 månader før tinget, det vil seie 15. desember.

For at delegatane skal kunne førebu seg til tinget må ein del dokument skrivast og sendast ut til Ungdomsråda så snar råd er etter at innkallinga er sendt ut.

Program: vert laga av UFU. Bør kome med utkast etter møte i desember og verte vedteke på første møte i januar.

Dagsorden: Dette er det same som saksliste. I prinsipp kan ein bruke mykje den same som sist. Når det gjeld vala som skal gjerast er det greitt om dei kjem ut på førehand, men om det ikkje let seg gjere kan dei leggest fram i møtet.

Forretningsorden: UFU må vedta denne, sjå gjerne gjennom om det er noko som bør endrast.

Budsjett 2019: UFU må vedta budsjett. Ein sak om dette kjem i møtet i desember.

Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval: Dette er dei noverande vedtektene og vert sendt som informasjon.

Ungdommens fylkesting frå A til Å: Dette har tidlegare vore utarbeida av UFU for å gjere det lettare for nye delegatar å forstå dei ulike omgrepa som vert brukt på UFT. Bra om UFU ser igjennom om det er noko som bør endrast, fjernast eller leggest til.

Årsmelding og rekneskap 2018: UFU må vedta dette seinast på første møte i januar. Rekneskapet vert lagt fram på det møtet, då det ikkje er mogleg å få gjort ferdig før.

Ungdommens planprogram 2018: Berre til orientering.

Ungdommens planprogram 2019, innstilling frå UFU: UFU må innstille til nytt Ungdommens planprogram 2019. UFU må vedteke dette seinast første møte i januar, men om de vert ferdige med det før vore det best. Då kan ungdomsråda få det tidleg og kanskje kome med forslag til kva dei ønskjer.

Forslag til nye vedtekter: UFU må vedteke dette seinast første møte i januar. Det er sjølv sagt mogleg å kome med endringsforslag på UFT, men UFU har hatt så god tid på seg til å førebu seg.

Desse dokumenta må sendast ut seinast 10 dagar før Ungdommens fylkesting, men alt som ungdomsråda må drøfte før tinget bør kome ut så tidleg at dei har moglegheit til å ta det opp på eit møte i ungdomsrådet. Tingdokumenta for 2018 vert lagt ved denne saka.

Om det elles er nokre praktiske ting det ønskjer til UFT må dette avklarast slik at administrasjonen har moglegheit til å ordne det. Til dømes:

- Ordstyrarar, om de ønskjer at administrasjonen skal invitere dei.
- Innleiarar, om de ønskjer at administrasjonen skal invitere dei.
- Kva materiell skal trykkast opp?
- Kva gåve skal ein gi til innleiarar?
- Kor mange premiar til leikar?
- Plakatar?
- Anna utstyr?

Val som må førebuast på møtet i desember:

- Redaksjonskomite
- Valkomite
- Kontrollkomite

Anna:

- Korleis skal UFT publiserast?
- Korleis sikre at flest mogleg kommunar deltek?
- Opplegg for det sosiale begge kveldane?
- Kjørereglar for UFT?

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



UNGDOMMENS FYLKESTING
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

9.-11. februar 2018

Tingdokument

Ungdommens fylkesting 2018

OM TINGDOKUMENTA

Ansvarleg eining: Ungdommens fylkesutval
Kontaktinformasjon: ungdommens.fylkesutval@hfk.no
9.-11. februar 2018

INNHALD

VELKOMEN TIL UNGDOMMENS FYLKESTING 2016	5
PROGRAM 9.-11. FEBRUAR 2018	7
KØYREREGLAR FOR UNGDOMMENS FYLKESTING	9
SAKLISTE FOR UNGDOMMENS FYLKESTING 9.-11. FEBRUAR 2018	10
Sak 1/18 Opning.....	10
Sak 2/18 Namneopprop og godkjenning av fullmakter	10
Sak 3/18 Godkjenning av innkalling og sakliste.....	10
Sak 4/18 Val av møteleiarar	10
Sak 5/18 Godkjenning av forretningsorden	10
Sak 6/18 Val av protokollskrivarar	10
Sak 7/18 Val av protokollunderskrivarar	10
Sak 8/18 Val av tellekorps.....	11
Sak 9/18 Val av redaksjonskomité	11
Sak 10/18 Val av valkomité	11
Sak 11/18 Handsaming av køyrereglar for Ungdommens fylkesting 2018.....	11
Sak 12/18 Handsaming av årsmelding 2017	11
Sak 13/18 Handsaming av rekneskap for 2017.....	11
Sak 14/18 Handsaming av budsjettforslag for 2018	12
Sak 15/18 Handsaming av Ungdommens planprogram 2018	12
Sak 16/18 Handsaming av vedtektene til Ungdommens fylkesting	12
Sak 17/18 Val av Ungdommens fylkesutval for 2018	12
FORRETNINGSORDEN	13
ÅRSMELDING 2017 FOR UNGDOMMENS FYLKESUTVAL.....	14
REKNESKAP FOR UNGDOMMENS FYLKESTING 2015.....	20
FORSLAG TIL BUDSJETT 2018 FOR UNGDOMMENS FYLKESTING.....	21
UNGDOMMENS FYLKESTING FRÅ A TIL Å.....	22
REGLEMENT FOR UNGDOMMENS FYLKESTING OG UNGDOMMENS FYLKESUTVAL	25
1. Samansetjing	25
2. Oppgåver	25
3. Arbeidsform	25

VEDTEKTER FOR UNGDOMMENS FYLKESTING OG UNGDOMMENS FYLKESUTVAL	27
§ 1 Heimelsgrunnlag og formål	27
§ 2 Ungdommens fylkesting	27
§ 3 Ungdommens fylkesutval	29
§ 4 Rusmiddel	30
§ 5 Endring av vedtekter	30

Velkomen til Ungdommens fylkesting 2016

Det er ein glede å ynskje deg velkomen til Ungdommens fylkesting (UFT) 2018. I år er det Quality Hotel Edvard Grieg i Bergen som er staden for møtet mellom engasjerte ungdom frå heile Hordaland. Det er mange som kjem til Ungdommens fylkesting for første gong i år og Ungdommens fylkesutval (UFU) oppmaner alle til å syte for at både nye og «gamle» deltakarar får ein hyggeleg helg.

Du får ein del dokument i dette heftet som er meint for å rettleie deg gjennom Ungdommens fylkesting. Her er ein oversikt over dokumenta:

1. Tingdokument:

- a. *Program*: Her får dykk ein oversikt over kva som skal skje i helga, med tidspunkt. Viktig å følgje med på programmet, og komme tidsnok til dei forskjellige økta. Det er og viktig å sjå til at de ikkje må dra før etter at programmet er ferdig på sundag.
- b. *Køyrereglar for Ungdommens fylkesting*: Reglar som alle på Ungdommens fylkesting må følgje. Vert vedteke av UFT.
- c. *Sakliste*: Dette er oversikta over sakane som vert handsama på Ungdommens fylkesting. Viktig å notere seg her er at dei fleste sakane vert handsama under konstitueringa, som skjer allereie fredag. Så dersom du har alternative forslag på nokre av desse sakane må du vere klar til å fremje dei under konstituering.
- d. *Forretningsorden*: Dette seier noko om korleis sakshandsaminga skjer og korleis du teiknar deg til debatt, osv. Denne trer i kraft under konstitueringa.
- e. *Årsmelding for 2017*: Det er i årsmeldinga UFU fortel om kva dei har jobba med i løpet av 2017. Årsmeldinga skal godkjennast av UFT.
- f. *Rekneskap for 2017*: Rekneskapet visar korleis UFU har brukt pengane i 2017. Rekneskapet skal godkjennast av UFT.
- g. *Budsjett 2018*: Budsjettet fortel korleis Ungdommens fylkesutval (UFU) føreslår at ein skal bruke pengar i 2018 og vert vedteke av UFT.
- h. *Ungdommens fylkesting frå A til Å*: Her er ein del forklaringar til språket som vert brukt på UFT og som kan vere bra å kjenne til før du kjem til UFT.
- i. *Reglement for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval*: Hordaland fylkesting har vedteke reglement for UFT og UFU.
- j. *Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval*: Hordaland fylkesting har vedteke vedtekter for UFT og UFU.

2. Ungdommens planprogram 2017:

Dette er planprogrammet som UFU har jobba etter i 2017, vedteken på UFT 2017.

3. Ungdommens planprogram 2018:

Dette er UFU si innstilling til nytt planprogram for 2018. Det vil vere mogleg å kome med endringsforslag på alle punkta. Prosessen for korleis dette skal gå føre vert forklart på UFT.

I løpet av helga kjem valkomiteen til å prate med alle som ønskjer å stille til Ungdommens fylkesutval i 2018. Alle som er delegatar på UFT har moglegheit til å stille til val. Å vere medlem i UFU er givande, spennande og lærerikt, men kan og vere tidskrevjande i periodar. Tenk gjennom om det er noko for deg og meld din

interesse for valkomiteen dersom du er interessert. Du får informasjon om korleis det går føre seg på UFT. Dersom du har nokre spørsmål om det å delta i UFU er det berre å spørje dei som sit der no.

Du vil få utlevert alle tingdokument i papir på Ungdommens fylkesting. Det vil vere trådløst internett i møtesalen. Det er fint om alle tek på seg fine klede til middagen på laurdagen. Og om du har noko allergiar eller anna som hotellet bør vere klar over, så er det fint om du gjer beskjed til Ingeborg Strandberg.

Da er det berre å ynskje dykk god lesing og eit triveleg Ungdommens fylkesting 2018!

Med vennleg helsing,

Ingeborg Strandberg
Rådgjevar
Hordaland fylkeskommune

Program 9.-11. februar 2018

Fredag

15:00-16:00	Registrering og innsjekk
16:00-16:15	Fylkesvaraordfører Pål Kårbø opnar Ungdommens fylkesting 2018
16:15-16:20	Velkomsttale
16:20-16:45	Konstituering
16:45-17:00	Pause
17:00-17:30	Presentasjon av Ungdommens fylkesutval 2017
17:30-19:30	Prat om #metoo og Trygg v/organisasjonsrådgjevar i LNU, Cecilie Prebensen
19:30-20:00	Pause før middag
20:00-21:30	Middag
21:30-	Sosialt

Laurdag

09:00-10:00	Frukost
10:00-10:05	Start
10:05-10:50	Gjennomgang av årsmelding og rekneskap
10:50-11:20	Tankar om ungdomsmedverknad i nye regionen
11:20-11:35	Ung i politikken og ungdomsmedverknad v/utvalsleiar Emil Gadolin
11:35-11:45	Pause
11:45-12:45	Arbeid med forslag til Ungdommens planprogram
12:45-13:00	Pause før lunsj
13:00-14:00	Lunsj
14:00-14:30	Arbeid med forslag til Ungdommens planprogram
14:30-16:00	Forslag og debatt
16:00-16:10	Pause
16:10-17:00	Forslag og debatt
17:00-17:10	Pause
17:10-18:30	Forslag og debatt
18:30-20:00	Pause før middag
20:00-21:30	Formell middag
21:30 -	Sosialt

Søndag

09:00-10:00	Frukost
10:00-10:05	Start
10:05-10:15	Sosial aktivitet
10:15-10:45	Presentasjon av voteringsorden
10:45-11:15	Sakshandsaming og val
11:15-11:30	Pause og utsjekk
11:30-14:30	Sakshandsaming og val
14:30-15:30	Lunsj
15:30-16:00	Avslutning

Nye Ungdommens fylkesutval må rekne med eit møte etter avslutninga.

Køyreregjar for Ungdommens fylkesting

1. Gjeldande vedtekter skal til ei kvar tid følgjast.
2. Arrangementet er absolutt rusfritt. Dette gjeld frå ein kjem fredag til avreise søndag. Deltakarar vert sende heim for eiga rekning skulle dette punktet bli brote.
3. Dersom ein på noko tidspunkt må forlate hotellet, skal dette avtalast med Ungdommens fylkesutval på førehand, og ein skal gi beskjed når ein går og når ein kjem attende.
4. Hærverk eller anna skade på hotellets eigedom går på eiga rekning.
5. Alle deltakarar er pliktige til å stille presis til møtestart, også etter pausar. Delegater skal ikkje dra heim før møteslutt kl 16:00 på søndag, med mindre noko anna er avtalt.
6. Av omsyn til andre gjester på hotellet skal deltakarar på Ungdommens fylkesting ikkje opphalde seg i gangane etter kl 22:00.
7. Det kjem til å være trålaust internett på hotellet. Vi ser helst at mobilbruk føregår i pausar.

Sakliste for Ungdommens fylkesting 9.-11. februar 2018

SAK 1/18 OPNING

ved fylkesvaraordfører Pål Kårbø og Ungdommens fylkesutval sin leiar Håkon Kongsvik.

SAK 2/18 NAMNEOPPROP OG GODKJENNING AV FULLMAKTER

ved administrativ leiar på Ungdommens fylkesting Ingeborg Strandberg.

SAK 3/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting godkjenner innkallinga og Ungdommens fylkesutval si innstilling til sakliste.

SAK 4/18 VAL AV MØTELEIARAR

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

**Ungdommens fylkesting vel:
Bjarte Espeland Horpestad (Rogaland)
Oda Mo Eikefet (Hordaland)**

SAK 5/18 GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN

Sjå tingpapira for Ungdommens fylkesutval si innstilling til forretningsorden
Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting godkjenner Ungdommens fylkesutval si innstilling til forretningsorden.

SAK 6/18 VAL AV PROTOKOLLSKRIVARAR

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

**Ungdommens fylkesting vel:
Ingeborg Strandberg (Hordaland fylkeskommune)
Berit Dianne Kilvær (Hordaland fylkeskommune)**

SAK 7/18 VAL AV PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting vel:

SAK 8/18 VAL AV TELLEKORPS

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting vel:

SAK 9/18 VAL AV REDAKSJONSKOMITÉ

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting vel:

Jens Andersen
Anna Elisabeth Øyrehagen Aksenvoll
Malene Kristine Meidell Alsaker

SAK 10/18 VAL AV VALKOMITÉ

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting vel:

Åsmund Synnevåg (Askøy)
Silje Nordal (UFU / Lindås)
Anniken Strønen Riise (Bergen)
.....

SAK 11/18 HANDSAMING AV KØYREREGLAR FOR UNGDOMMENS FYLKESTING 2018

Sjå tingpapira for Ungdommens fylkesutval si innstilling til køyrereglar for Ungdommens fylkesting 2018

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting godkjenner Ungdommens fylkesutval si innstilling til køyrereglar for Ungdommens fylkesting 2018.

SAK 12/18 HANDSAMING AV ÅRSMELDING 2017

Sjå tingpapira for Ungdommens fylkesutval si innstilling til årsmelding 2017

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting godkjenner Ungdommens fylkesutval si årsmelding for 2017.

SAK 13/18 HANDSAMING AV REKNESKAP FOR 2017

Sjå tingpapira for Ungdommens fylkesting si innstilling til rekneskap 2017

Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting godkjenner Ungdommens fylkesting sitt rekneskap for 2017.

SAK 14/18 HANDSAMING AV BUDSJETTFORSLAG FOR 2018

Sjå tingpapira for Ungdommens fylkesutval si innstilling til budsjett 2018
Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting vedtek Ungdommens fylkesutval si innstilling til budsjett 2018.

SAK 15/18 HANDSAMING AV UNGDOMMENS PLANPROGRAM 2018

Sjå tingpapira for Ungdommens fylkesutval si innstilling til Ungdommens planprogram 2018
Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting vedtek Ungdommens fylkesutval si innstilling til Ungdommens planprogram 2018.

SAK 16/18 HANDSAMING AV VEDTEKTENE TIL UNGDOMMENS FYLKESTING

Sjå tingpapira for Ungdommens fylkesutval si innstilling til Ungdommens planprogram 2018
Ungdommens fylkesutval si innstilling til vedtak:

Ungdommens fylkesting vedtek Ungdommens fylkesutval si innstilling til Ungdommens planprogram 2018.

SAK 17/18 VAL AV UNGDOMMENS FYLKESUTVAL FOR 2018

Valkomiteen legg fram si innstilling til nytt Ungdommens fylkesutval på Ungdommen fylkesting.

Forretningsorden

1. Møtet vert leia av to møteleiarar som blir valt av Ungdommens fylkesting.
2. Møteleiarane si rolle under Ungdommens fylkesting er å styre debatten. Det er møteleiarane sitt ansvar å passe på tida, slik at ein har tid til å gjennomføre alle sakane på Ungdommens fylkesting i høve til programmet.

Før debatten skal dei orientera om korleis ein teiknar seg til debatt. Møteleiarane skal halde oversikt over kven som har ordet, samt bestemme tal på replikkar per sak. Møteleiarane har ansvar for at sakene på saklista blir gjennomført i samsvar med vedtektene. Møteleiarane kan gjere mindre endringar i saklista og program, dei kan fremje forslag om strek i debatten, og leggje inn pausar der det passar seg. Møteleiarane skal til ein kvar tid vere objektive og nøytrale.

3. Alle tilleggs- og endringsforslag må fremjast frå talarstolen og leverast skrifteleg til møteleiarane. Forslag til Ungdommens planprogram må leverast inn før kl. 21.00 laurdag kveld.
4. Representantar som ynskjer å halde innlegg i debatten, viser dette til møteleiarane ved å løfte delegatskiltet sitt i været.
5. Møteleiarane opplyser om kven neste talar er når ein delegat får ordet.
6. a. Under eit innlegg kan andre delegatar be om ein replikk. Replikkordskiftet gjennomførast før neste innlegg. Innleggshaldar kan, etter replikkane, halde svarreplikk.
b. Taletida på innlegg skal ikkje vere lengre enn tre minutt. Kvar representant kan få ordet inntil to gonger i same sak, då med maksimalt tre og to minutt. Ein replikk varer maksimalt eitt minutt.
7. Saksopplysningar teiknast ved å markera ein «T» med delegatskiltet og ei flat hand. Desse sleppast til etter innlegg og før replikkordskifte.
8. Når det framsetjast forslag om strek frå møteleiar, skal nye talarar gjevast anledning til å teikne seg før strek blir satt.
9. Votering går føre seg ved opprekning av delegatskilt. Ved personval skal skriftleg votering foretas dersom nokon av delegatene krev det.
10. Protokollen førast av protokollskrivarar. Etter møteslutt skal protokollen signerast av protokollskrivarane og to protokollunderskrivarar.

Årsmelding 2017 for Ungdommens fylkesutval

Samansetting av Ungdommens fylkesutval (UFU)

Namn	Stilling	Organisasjon	Valperiode
Håkon Kongsvik	Leiar	Tysnes Ungdomsråd / UFU	1 år
Martin Virkesdal Jonsterhaug	Nestleiar	Ungdommens bystyre Bergen / UFU	1 år
Anna Elisabeth Ø. Akselvoll	Medlem		2 år
Sigrid Farestveit Neset	Medlem		2 år
Jens Hestnes Andersen	Medlem		1 år
Silje Nordahl	Medlem	UFU	1 år
Vegard Tobias Kvalheim Kleppe	Medlem	UFU	1 år
Malene Kristine M. Alsaker	Varamedlem		1 år
Marius Hellan Hindenes	Varamedlem		1 år
Julie Henriette Langum	Varamedlem		1 år
August Lavik	Varamedlem		1 år
Roland Fredriksen	Varamedlem		1 år

Samansetting av kontrollkomiteen

Namn	Stilling	Organisasjon	Valperiode
Gard Aasmund Skulstad Johanson	Leiar	Tidligere UFU-medlem	1 år
Miriam Louise Seim	Medlem	Tidligere UFU-medlem	1 år
Agnes Hoshovde Bernes	Medlem	Tidligere UFU-medlem	1 år

Opplæring og helse – Anna Elisabeth, Malene Kristine og Julie

I år er det Anna Elisabeth Øyrehagen Akselvoll (leiar), Julie Langum og Malene Kristine Meidell Alsaker som har vore i utvalet for opplæring og helse.

Me i opplæring og helse starta året med eit samarbeidsmøte saman med utval for opplæring og helse i fylkestinget i Hordaland. Her presenterte me planprogrammet vårt og det me skulle arbeida med i 2017. Vidare utover året har me hatt jamnlege møte med utvalsleiar Emil Gadolin. Der har me diskutert og fått støtte i sakar omhandlande seksualundervisning, tannhelse, psykisk helse blant ungdom og sunnare mat på skulane. Me har også utvikla eit godt samarbeid med både mobbeombodet og elev- og lærlingombodet i løpet av året som har gått. Dei har blant anna starta prosjektet Prosjekt Nettvett dette året som UFU, ved blant anna Anna Elisabeth og Julie er med på. Her har det vore diskutert ulike tiltak for å forhindre mobbing i skulen. Det praktiske arbeidet har ikkje endå begynt, men me ser fram til å sjå resultatet av arbeidet i praksis.

Gjennom initiativ frå begge partar har me klart å få til eit nytt og godt samarbeid med KS (Kommunesektorens Organisasjon). Gjennom dei har me også fått taletid på eit møte samanslått av strategikonferanse og fylkesmøtet i



januar 2018. Der fekk me fekk moglegheit til å

promotere oss sjølve og nå ut til dei yttarste delane av fylket.

I november var me representert ved Malene Kristine og Anna Elisabeth på MIKS-konferansen (mangfold, inkludering, kommunikasjon og samhandling) sin konferanse om inkludering i 2017. Der fekk me meir informasjon og innspel om korleis å betra integrering. Dette var svært lærerikt og me fekk mykje ny og nyttig kunnskap. Dette har me også brukt i arbeidet mot planprogrammet våra.

I september var me på innspelsmøte til den Regionale Folkehelseplanen. Her kom me med mange innspel, fleire av dei vart også omhandla i deira planprogrammet. Blant anna sunnare matvaner i skulen, og mål om skulefrukost.

I arbeidet om betre psykisk helse for ungdom har me vore mykje i kontakt med Miljøgruppa på Slåtthaug vidaregåande, for å få innspel om kva tiltak som kan gjerast for å forbetre den psykiske helsa til ungdom i fylket. Me avslutta året med å inngå eit samarbeid med ungdomsrådet til Haukeland Universitetssjukehus, dette ser me fram til å arbeida vidare med.



Kultur, idrett og regional utvikling – Silje og Vegard

I år har Silje Nordal og Vegard Tobias Kvalheim Kleppe vore i utval for kultur, idrett og regional utvikling. Vi har fått moglegheit til å jobbe med mykje kjekt. Silje var med i planleggingsprosessen av UKM 2017 i Hordaland. Den 28. april var festivalen i gong, og den vart kjempe bra. Vi fekk sjå utrolig mange dyktige og kreative ungdomar frå fylket. Vi fekk også moglegheita til å vera med i ein jury for utdeling av utviklingsstipendet til unge utøvarar innan gateaktivitet. Vi trur og at ungdommens fylkesutval kan vera veldig aktuell for å gjere stipendet kjent blant målgruppa.

Vi har og opprettheldt samarbeidet med den kulturelle skulesekken som deira Ungdomsprogramråd. Vi veljar to produksjonar som går inn i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen for skuleåret 2018-2019.

I haust deltok også Silje på eit innspelsmøte om rusførebyggjande arbeid. Der fekk vi moglegheit til å foreslå tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket. Eit anna innspelsmøte vi deltok på var til den regionale planen for folkehelseplanen. Forslaga vi gav var blant anna at alle vidaregåande skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod, at det skal utarbeidas ein plan mot mobbing i samarbeid med elevar og mobbeombodet, og at det bør vera fleire opne idrettsfasilitetar samt at det skal verte enklare for ungdom og få informasjon om dette.



Vi synas det er svært bra at folkehelseplanen får innspel frå ungdoms perspektiv. Ein frå KIRU i UFU skal no også få plass i eit samarbeidsorgan for folkehelse som skal opprettast. Til slutt, synes vi som mange andre at det var veldig gøy å få vera tilskodar på eit av verdas største idrettsarrangement - Sykkel-VM Bergen 2017.



Miljø og samferdsel – Sigrid og Marius

I år har Sigrid Farestveit Neset og Marius Hellan Hindenes vore i utvalg for miljø og samferdsel. Her har me fått høve til å møte mange flinke mennesker og deltatt på mykje spennande innafør samferdsel.

Leiar av miljø og samferdsel i ungdommens fylkesutvalg Sigrid har blitt medlem av fylkestrafikksikringsutvalget. Her har me fått invitasjon til å kome med forslag om tema til trafikksikringskonferansen i 2018 som skal ha fokus på ungdom. Me har også vore i dialog med skyss der me har fått orienteringar om sonestrukturen, busstilbod i distrikta og prisen på ungdomsbilletten.



I haust kom fylkesrådmannen med eit forslag om å auke prisen på månadskortet for ungdom. Dette var noko me i MISA stilte oss negative til, og hovudfokuset var retta på dette då Sigrid presenterte budsjettinnspelet til MISA på fylkestinget. Heldigvis valte fylkestinget å gå imot forslaget til fylkeskommunen, og prisen på ungdomsbilletten steig dermed ikkje. Marius var i avisa Nordhordland der han snakka om lettelsen av dette, og kva konsekvensane ville blitt dersom prisen på månadskortet for ungdom hadde auka.

Eigen organisasjon – Jens, August og Roland

Representantane Marius Hellan Hindenes og Silje Nordal deltok i mars på fylkesting for ungdom i Sogn og fjordane. Dette var kjekt og lærerikt. Vi i UFU ser fram til fylkessamanslåinga og gleder oss til tett samarbeid vidare på vegen til det nye fylket.

Vi i eigen organisasjon har hatt eit kontinuerlig arbeid med å oppdatere våre sider på sosiale mediar og leggje ut sakar som er relevante for ungdom i fylket. UFU skulle gjerne hatt meir medieoppslag og arbeid på sosiale mediar. Eigen organisasjon har vært engasjerte i det sosiale i UFU. Vi gjort vårt beste for at alle i

utvalet skal føle seg sett og inkluderte. Det sosiale på nettverksamlinga og UFT er det og eigen organisasjon som har hatt ansvaret for.

Vi har skaffa meir profileringsmateriell til UFU, blant anna etterlengta grå UFU-genserar og fine refleksar. Fokuset har og vore retta mot oppstarting, samt oppfølginga av ungdomsråd i fylket. Start av ungdomsråd har vore vanskelig. Dette er noko UFU til neste år må prioritere. Oppfølging av ungdomsråd blei prioritert sterkt i år, Øygarden ungdomsråd ble oppretta i fjor. UFU har hjelpt med tilrettelegging og oppfølging gjennom hele året. Dette har vore lærerikt og vi er klare for å starte enda fleire ungdomsråd.

Nettverkssamlinga 2017

UFU arrangerte Nettverkssamling for ungdom frå alle kommunane i Hordaland fyste helga i november. For fyste gong hadde me to hovudtema i staden for eit, og brukte då "Framtidas skule i Hordaland" og "Klima og miljø i framtidas Hordaland". Dette var to tema som engasjerte veldig og me fekk mange gode innspel frå deltakarane til kva som var viktig for å sikre ein god skule og klimavennlege tiltak i framtidas Hordaland.

Administrasjonen

Hordaland fylkeskommune har i 2017 hatt ein tilsett som har jobba for å legge til rette for Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Det har vært Andreas Skretting Jansen, som har vært rådgjevar og sekretær for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

Ord frå leiar

Året 2017 har vore eit produktivt og kjekt år for ungdommens fylkesutval der me har jobba godt med ungdommens planprogram og hatt fokus på å gjere oss sjølve meir synlege for politikarane i fylkeskommunen og ungdommen i Hordaland. Ettersom det var ei stor utskifting av medlem frå 2016 til 2017 brukte me vårt fyste helgemøte til å bli betre kjent med kvarandre og skape eit godt sosialt grunnlag for resten av året. Med tanke på at det var mange nye medlem i UFU 2017 var det viktig for meg sjølv og nestleiar Martin at me og brukte det fyste helgemøte på ein god gjennomgang av korleis ungdommens fylkesutval jobba, korleis fylkeskommunen er organisert, og korleis ein kan jobba mest mogleg effektivt med UPP, i tillegg til å knytte dei ulike utvala opp til relevante kontaktpersonar i fylkeskommunen.

Ved fleire anledningar har ulike medlemmar frå UFU presentert seg for, og hatt møte med relevante politikarar for å diskutere saker som er viktige for UFU og UFT, noko som har ført til at UFU har blitt meir synlege blant fylkespolitikarar og våre innspel og nærvær på møte har blitt meir etterspurd. Mellom anna har utvala deltatt på møter med utvalslieiarane i fylkeskommunen, i tillegg til at meg sjølv og Martin har hatt møte med fylkesvaraordførar og presentert oss og våre viktige saker for fylkestinget noko som gjorde at me blei meir kontakte i samband med ulike planar og prosjekt i regi av fylkeskommunen. Gjennom året har me og hatt eit godt samarbeid med mobbeombodet og elev- og lærlingombodet.

Arbeid på nasjonalt nivå har også vært ganske sentralt for UFU 2017. Me har vært aktiv innan ANMU – «Arbeidsutvalg for opprettelsen av nasjonalt medvirkningsorgan for ungdom» der meg og nestleiar har deltatt på fleire ANMU-møte for å ferdigstille forslag til struktur, finansiering, mandat og vedtekter og å samle støtte frå alle dei fylkeskommunale medverknadsorgana for ungdom, samt støtte frå dei respektive fylkestinga. Dette arbeidet har tidlegare vore prega av dårleg organisering og lite effektive møte, noko som eg opplever at har forbetra seg betydeleg i år. Me har no i praksis avslutta dei fysiske møta då det ikkje lenger er naudsynt.

I tillegg har eg hatt gleden av å få delta i eit dialogforum med representantar frå barne- og likestillingsdepartementet og kunnskapsdepartementet saman med dei andre leiarane frå dei fylkeskommunale medverknadsorgana for ungdom. Der brukte me mykje tid på å diskutere arbeidet vårt for å opprette eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom og korleis me skal gå vidare med det. Andre viktige tema som skulehelsetenesta, fysisk og psykisk helse, barnevern, kompetanse blant lærarane, og fráværsgrensa.

Avslutningsvis vil eg seie at arbeidet i UFU 2017 har vore triveleg og produktivt, og generelt oppmøte har vore bra. Likevel er det ein del ting me kan bli betre på, det er for eksempel særskilt viktig at ein jobbar jamt gjennom året og gjer godt arbeid mellom møta, slik at ein og stiller godt førebudd til møta. Noko UFU 2017

kunne vore flinkare på er kommunikasjon, derfor er eit godt tips til UFU 2018 å holde god kommunikasjon mellom leiinga og utvala slik at alle er klar over kva som er forventa gjort til møta og kva som skal gjerast på møta.

Eg er svært glad for å ha fått vere leiar for ein kjempeflott gjeng som sit på mykje kompetanse, på mange felt. Året har vore fylt med gode diskusjonar om stort sett det meste, og det har aldri vore eit kjedeleg augeblikk med denne gjengen. Tusen takk for eit fantastisk og lærerikt år!

Håkon Kongsvik
Leiar
Ungdommens fylkesutval i Hordaland

Kontrollkomiteen

Kontrollkomiteen har i 2017 bestått av Gard Aasmund Skulstad Johanson (Leder), Agnes Hoshovde Bernes og Miriam Louise Seim. Kontrollkomiteen ble valgt i Ungdommens fylkesting, februar 2017. Kontrollkomiteen jobber i kraft av sitt mandat gitt av Hordaland Fylkesting.

§2.23

Kontrollkomiteen skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Kontrollkomiteen skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på Ungdommens fylkesting. Komiteen skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval. Kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkes- utval, og Ungdommens fylkesting, sine møte.

§2.24

Kontrollkomiteen er plikta til å ta opp saka på Ungdommens fylkesting dersom det oppstår tvil om korleis Ungdommens planprogram eller vedtekter skal forståast. Fram til Ungdommens fylkesting har behandla saka er det kontrollkomiteen si tolking som gjeld.

Kontrollkomiteen har i 2017 møtt i flere av Ungdommens fylkesutvalg sine møter og svart på forespørsler fra utvalget ved behov.

Sekretariatet til UFU har i 2017 vært et av de største ankepunktene vi har bemerket oss. I 2017 har UFUs sekretær vært i foreldrepermisjon og en vikar har fylt rollen som UFUs sekretær og bindeledd opp mot fylkesadministrasjonen. Ettersom denne rollen ikke utgjør en 100% stilling deles sekretariatet til vanlig mellom fylkeseldrerådet, rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne og ungdommens fylkesutvalg. I denne perioden har sekretæren fungert for kun UFU og dette har medført at kontakten mellom UFU og fylkeskommunen har sviktet der en tidligere er vant til å ha en sekretær hver ukedag 08-16. Dette har medført at flere saker ikke har blitt tilsendt UFU slik at UFU har kunnet skrive uttalelse til disse. Dessuten har sakspapirene til møter ofte vært manglende eller sendt ut for sent, noe som vanskeliggjør vår kontrollerende rolle overfor UFU. Ei heller har nettsidene vært tilstrekkelig oppdatert.

UFU oppgir at sekretariatet har vært et problem denne perioden og har vanskeliggjort arbeidet i uvalget.

Et annet moment er UFUs synlighet. Etter vedtektene og ungdommens planprogram skal UFU ha en aktiv rolle i media og på sosiale medier der de skal fronte ungdommens interesser i Hordaland. I 2017 har UFU hatt medieoppslag, men kontrollkomiteen har bemerket seg at sosiale medier sjelden har blitt oppdatert. Dette er svært negativt da sosiale medier er en av de viktigste kanalene UFU kan kommunisere med ungdommer i fylket. Det er viktig at UFU 2018 tar dette til etterretning og bruker sosiale medier og tradisjonelle medier aktivt for å front politikken vedtatt av UFT.

Nettverkssamlingen ble av flere av gjestene trukket frem som lite organisert med mye dødtid og i mangel på et klart mål og en interessant kjøreplan.

Kontrollkomiteen har også tatt kontakt med medlemmene i UFU og her nevnes en manglende kontakt mellom ledelsen i UFU og resten av utvalget som problematisk. Dessuten nevner flere at møtene ofte har vært for mye "kos" og lite arbeid. Som et tiltak for å forbedre dette nevnes blant annet at en kan gjøre mer av

arbeidet uten å møtes fysisk. Dette ser vi i kontrollkomiteen positivt på, såfremt det ikke går på bekostning av arbeidet i utvalget.

Avslutningsvis ønsker vi i kontrollkomiteen å takke for oss og ønske UFU i 2018 lykke til.

Rekneskap for Ungdommens fylkesting 2015

Ungdommens fylkesting	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik
00 Diverse	6223	0	-6223
01 Utvalsmøter	33714	55000	21286
02 Eigen organisasjon	2359	20000	17641
03 Kurs og konferansar	36851	45000	8149
04 Nettverkssamling	82653	64000	-18653
05 Ungdommens fylkesting	56239	87000	30761
Totalt	218039	271 000	52961

Det kan sjå ut som om rekneskapet for Ungdommens fylkesting 2017 kan vere noko mangelfullt. Dette går på interne rutinar i Hordaland fylkeskommune i 2017.

Ein kan sjå at på dei fleste postane har det vore brukt mindre enn budsjettert. Den einaste posten som går i minus er nettverkssamlinga der det vart brukt nesten 18 000 kr meir enn budsjettert. Det kan forklarast ved at eigenandelen berre var 1500 kr, samt at det var færre deltakarar enn tidlegare.

Ungdommens fylkesting hadde eit budsjett på 300 000 kr frå Hordaland fylkeskommune i 2017.

Forslag til budsjett 2018 for Ungdommens fylkesting

Ungdommens fylkesting	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik
00 Diverse	0	6233	0	-6233
01 Utvalsmøter	60000	33714	55000	21286
02 Eigen organisasjon	20000	2359	20000	17641
03 Kurs og konferansar	45000	36851	45000	8149
04 Nettverkssamling	85000	81929	64000	-17929
05 Ungdommens fylkesting	100000	56239	87000	30761
Totalt	310 000	217325	271 000	53675

Ungdommens fylkesting hadde eit budsjett på 300 000 kr frå Hordaland fylkeskommune i 2017. I 2018 er dette auka til 310 000 kr.

Over ligg Ungdommens fylkesutval si innstilling til budsjett for 2018, saman med rekneskapet. Dei fleste postane har økt noko, unntatt Eigen organisasjon.

Ungdommens fylkeasting frå A til Å

Benkeforslag: Forslag om endring av valgkomitéens innstilling til medlemmer for UFU.

Debatt: Diskusjon der man kjem med argument for ei sak. På UFT skal me debattere sakene i Ungdommens planprogram, forslag til nye saker og vedtekter.

Delegat: Ein deltakar på UFT som har tale-, forslags- og stemmerett.

Endringsforslag: Delegatane på UFT kan kome med forslag til endringar på punkta som allereie står i Ungdommens planprogram. Dei kan anten endre innhaldet eller formuleringa i punktet.

Etterretning: Å ta noko til etterretning tyder at ein merkar seg innhaldet i ei sak, utan at ein tek direkte stilling til det eller gjer noko meir med det.

Forretningsorden: Spelereglar for korleis møtet skal haldast. Forretningsorden kan sei noko om kven som kan møte og stemme, taletid og korleis debatten og votering skal gå føre seg. Forretningsorden er noko av det fyrste som vert tatt opp på eit møte, sånn at alle veit korleis møtet skal gå føre seg.

Formelt antrekk: Middagen på laurdag er formell! Formelle klede er ikkje joggebukse, ikkje collegegenser, men dress/skjorte eller kjole!

Forslag: Delegatane kan kome med forslag til nye saker til Ungdommens planprogram. Det er lurt å forberede dette på førehand og gjerne diskutere med medlemmene i ungdomsrådet. Forslaget treng ikkje ha noko å gjere med det som allereie står i Ungdommens planprogram. Alle forslag skal leverast inn skriftleg, og må bli fremma frå talarstolen slik at alle delegatane kan diskutera det. Redaksjonskomiteen vil hjelpe til dersom du treng hjelp med å skrive forslaget.

Fylkesordfører/fylkesvaraordfører: Leiaren og nestleiaren av det vaksne fylkestinget. Anne Gine Hestetun er fylkesordfører og representerer Arbeidarpartiet, medan Pål Kårbø er fylkesvaraordfører og representerer Kristeleg Folkeparti.

Gjester: Personar som av ulike grunnar er invitert til UFT. Gjester har talerett, men ikkje forslagsrett og stemmerett

Innlegg: Den forma ein vanlegvis brukar når ein tek ordet. Ein kan teikna seg til innlegg ved å vise teiknet som møteleiaren forklarar på UFT. Ein kjem då på talelista og får som regel ei viss tid til rådighet, gjerne rundt 3 minutt, til å leggje fram sitt syn på ei sak. Andre kan kome med replikkar på ditt innlegg.

Innstilling: Ei tilråding av kva man skal stemme i ei sak. UFU kjem med innstilling til forretningsorden, møteleiaren, protokollskrivarar, protokollunderskrivarar, redaksjonskomité og valkomité. Delegatane på UFT treng ikkje stemme i tråd med innstillinga dersom dei ikkje er einige.

Kontrollkomité: UFT si vaktbikkje. Arbeidsoppgåvene til kontrollkomiteen er å passe på at UFU og UFT arbeider etter dei gjeldande vedtektene. Kontrollkomiteen består av tre medlemmar, og vanlegvis er det ungdommar som tidlegare har vore medlemmar i UFU.

Konstituering: Å konstituere møtet vil seie å fatte ein rekke vedtak som klargjer korleis møtet skal verte heldt, som til dømes val av møteleiare, referentar og vedtak av dagsorden og forretningsorden.

Legge til grunn: Under votering mellom to alternativ vert eitt av alternativa lagt til grunn. Dei som er ueinige med det som vert lagt til grunn må aktivt vise stemmeteikn.

Møteleiaren: Dei som har ansvaret for å leie møtet etter dei reglane som UFT sjølv har vedteke i forretningsorden. Dei skal vere nøytrale, og styre talelista slik at alle får sagt si mening. Det er møteleiaren

som tildeler ordet til dei som ønskjer å sei noko. Møteleiarane har ansvar for at debatten avsluttast innan den tidsramma ein er blitt einige om.

Mål og tiltak: I Ungdommens planprogram finner du både mål og tiltak. Til dømes: Dersom målet er at UFU skal dra til månen, så er tiltaket å bygge rakett.

Observatør: Ein deltakar som er med på UFT for å observera. Observatørane ikkje talerett, forslagsrett og stemmerett, og kan heller ikkje verte vald til UFU. Dei kan få andre til å foreslå sin sak dersom dei ønskjer det.

Plenum: I fellesskap.

Protokoll: Det formelle namnet på referatet som vert skrive under møtet. Protokollen inneheld til dømes kven som stiller forslaget, resultat av votering og talet på røyster som er for og mot.

Protokollskrivarar: Dei som skriv protokollen, på UFT er det to personar. Protokollen vert skriven av administrasjonen i Hordaland fylkeskommune og vert på vegne av Ungdommens fylkesting underskriven av to delegatar.

Redaksjonskomité: Ein komité som skal gå gjennom alle forslaga, sortere dei i eit forståeleg dokument og utføre språkvask. Redaksjonskomiteen skal også innstille på kva saker som kan realitetsbehandlast. Redaksjonskomiteen skal hjelpe delegatane med å skrive forslag dersom dei ønskjer det. Dei kan også kome med eigne forslag som har same intensjon som innsendte forslag.

Replikk: Når nokon held eit innlegg som ein er ueinig i, kan ein teikne seg til replikk. Replikk er altså ein kommentar til eit innlegg. I de fleste samanhengar ber ein ikkje om replikk for å uttrykke einighet, då dette tek unødvendig tid. Dei som ber om ordet til replikk får ordet rett etter innlegget er ferdig. Det er ikkje lov til å teikne replikk på replikk, men innleggshaldar har anledning til svarreplikk.

Røysteføre: Dei som kan stemme under UFT.

Sakliste: Ei liste over saker som skal behandlast på møtet, og kva rekkjefølgje dei skal behandlast i.

Saksopplysing: Dersom nokon under debatten har sagt noko ein veit er ukorrekt, kan ein ta ei saksopplysing for å kome med ein kort faktaopplysning til saken. Ei saksopplysing er ein relevant og forklarande faktaopplysning, det er viktig å hugse at ikkje alle faktaopplysingar er saksopplysingar. Dei må altså vere relevante og forklarande.

Simpelt fleirtal: Det alternativet som får flest røyster vinn.

Strek: Å setje strek for debatten betyr at ingen fleire kan be om ordet. Møteleiarane skal gi beskjed før dei set strek, slik at alle som vil sei noko får mogelegheit til å teikne seg til debatten.

Strykingsforslag: Delegatane på UFT kan leggje fram forslag om å fjerne delar av Ungdommens planprogram og vedtekter. Dette skal leverast inn skriftleg, men også fremmast på talarstolen.

Talarstol: Det er her magien skjer! Deltakarane legg fram forslaga sine. Dersom ein har eit forslag må ein ta til motet og klatre opp på talarstolen. Talarstolen bit ikkje, men dersom ein er ny kan det lønne seg å helse på den i ein pause før ein debutterer i ein debatt. Det er heilt greitt å snuble litt i sine eigne ord eller sjå ned i eit nedskrive manus, ingen forventar at ein skal vere proff dei fyrste gongane.

Tellekorps: Dei som har ansvaret for oppteljing av stemmene under voteringane. Tellekorpsset vert valt under konstitueringa i starten av møtet.

Teikne seg til debatt: Gi beskjed til møteleiarane om at ein vil seie noko i debatten.

UFT: Ungdommens fylkesting. Samlinga for ungdomsråd og ungdommens kommunestyre i Hordaland.

UFU: Ungdommens fylkesutval (UFU) er arbeidsutvalet til UFT. Det er dei som blir valt på UFT, og som skal jobbe med politikken som blir vedtatt på UFT.

Ungdommens planprogram: Eit dokument som inneheld all den politikken og dei sakene som UFT vedtek. Ungdommens planprogram er delt inn i dei same områda som Hordaland fylkeskommune. Det er delegatane på UFT som vedtek kva som skal stå i det nye Ungdommens planprogram.

Ungdomsråd/ungdommens kommunestyre: Gruppe ungdommar som er vald frå sine skular, organisasjonar, klubbar eller liknande for å jobba med saker som angår ungdom i kommunen sin. Representantar frå ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er delegatar for sin kommune på Ungdommens fylkesting.

Valkomit : Ein komit  som jobbar med val av nye representantar til UFU og desisjonskomiteen. Valkomiteen held intervju under UFT og lagar ei innstilling som det skal voterast over p  s ndag. Ta kontakt med valkomiteen om du er interessert i   vere med i UFU!

Vedtak: Det som vert bestemt eller avgjort.

Vedtekter/Reglement: Ein serie samanhengande formelle reglar og f resegnar for korleis UFU og UFT skal fungere.

Votering: Avstemming. Den prosessen som skjer n r delegatane skal stemme over dei ulike forslaga.

 rsmelding: Informasjon om kva som har blitt gjort av UFU sidan f rre UFT.

Reglement for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Vedteke på fylkestinget i Hordaland 11.06.2014

Ungdommens fylkesting skal som regionalpolitisk pådrivar og samordnar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for ungdom i Hordaland, og for Ungdommens fylkesting si eiga verksemd. Ungdommens fylkesting, og deira underorgan Ungdommens fylkesutval, skal gjera endeleg vedtak i enkeltsakar innanfor eigen organisasjon, og skal elles vera eit sjølvstendig og partipolitisk nøytralt rådgjevande organ for fylkeskommunen i sakar som vedkjem ungdom.

1. SAMANSETJING

Ungdommens fylkesting har 66 medlemmer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsråd i fylket. Dei kommunane som ikkje har ungdomsråd vel to representantar frå kommunen.

2. OPPGÅVER

a. Ungdommens fylkesting kan innan sitt arbeidsområde:

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gi fråsegn til regionale planar med verknad for ungdom
- Gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- Gi råd i alle saker som gjeld levekår for ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd

Ungdommens fylkesting kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd. Protokoll frå Ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget.

Ungdommens fylkesting skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

b. Saker der Ungdommens fylkesting har avgjerdsmynde:

- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Ungdommens fylkesting.
- Saker som gjeld eigen organisasjon, mellom anna, planprogram, budsjett og val av Ungdommens fylkesutval.

c. Saker der Ungdommens fylkesting gjev tilråding:

- Saker om fylkeskommunal verksemd med verknad for ungdom.
- Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

d. Fråsegner

- Ungdommens fylkesting kan gi sjølvstendige fråsegner innan sitt ansvarsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

3. ARBEIDSFORM

Ungdommens fylkesting har eitt møte i februar kvart år.

Ungdommens fylkesutval vert vald på Ungdommens fylkesting og består av leiar, nestleiar og 5 medlemmer, samt fem varamedlemmer. Ungdommens fylkesutval er eit utførande organ og skal jobbe med Ungdommens planprogram som vert vedteke på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesting fastset vedtektene som styrer både Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, vedtek budsjettet og godkjenner rekneskapet.

Ungdommens fylkesutval har møte kvar månad.

Hordaland fylkeskommune sitt ansvar er å:

- leggje fram saker som gjeld levekår for ungdom og som kan ha innverknad på desse for Ungdommens fylkesting i god tid før dei skal avgjerast
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting innan lokaldemokratiet
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting i samband med administrative og politiske prosessar.
- oppnemne ein politisk kontaktperson til Ungdommens fylkesting.

4. Sakshandsaming

For Ungdommens fylkesting gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Vedteke på fylkestinget i Hordaland 09.06.2015

§ 1 HEIMELSGRUNNLAG OG FORMÅL

- 1.1 Gjennom Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal ungdom i Hordaland ha reell medverknad, kunne påverke politiske saker i fylket og auke ungdomens samfunnsengasjement. Vidare skal Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval stimulere til politiske engasjement samt få opplæring i og erfaring i demokratiske prosessar.
- 1.2 Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere eit høyrings- og rådgjevande organ for Hordaland fylkeskommune.
- 1.3 Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval kan sjølve ta opp saker dei ønskjer fremma med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen.

§ 2 UNGDOMMENS FYLKESTING

- 2.1 Ungdommens fylkesting skal vere partipolitisk nøytralt. Representantane representerer kommunen sin og ikkje eit politisk parti.
- 2.2 Ungdommens fylkesting sine møte er opne for alle som er interessert.
- 2.3 Ungdommens fylkesting skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval, der Ungdommens fylkesutval rapporterer til Ungdommens fylkesting om sitt arbeid. Ungdommens fylkesting skal behandle fjorårets rekneskap, årsmelding og forslag til budsjett for kommande periode. Ungdommens fylkesting lagar eit Ungdommens planprogram for kva saker Ungdommens fylkesutval skal arbeide med det kommande året. Det er Ungdommens fylkesting som vel representantar til Ungdommens fylkesutval.
- 2.4 Ungdommens planprogram er det øvste politiske dokumentet. Formålet med, og oppbygginga av, Ungdommens planprogram er utdjupa i eit eige dokument.

Oppstår det konflikt mellom Ungdommens planprogram og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval, gjeld Ungdommens planprogram som Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sin politikk. Utdjupingsdokumentet kan endrast ved 2/3 fleirtal på Ungdommens fylkesting.
- 2.5 Ungdommens fylkesutval har moglegheita til å gjere redaksjonelle endringar i Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sine dokument.
- 2.6 Ungdommens fylkesutval avgjer deltakaravgifta for neste Ungdommens fylkesting.

Samansetting

- 2.7 Kvar kommune i Hordaland blir inviterte til å sende to frivillige og engasjerte representantar til Ungdommens fylkesting som delegatar. Representantane skal veljast frå ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre. I kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre bør kommunen sende 2 frivillige ungdommar til dømes frå elevråd eller liknande.
- 2.8 Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år med tilknytning til fylket. Det vil seie at ein kan delta frå og med det kalenderåret ein fyller 15 år, og til og med det året ein fyller 20 år.

- 2.9 Alle medlem og varamedlem av Ungdommens fylkesutval har delegatstatus. Medlem og varamedlem av Ungdommens fylkesutval representerer Ungdommens fylkesutval, og ikkje kommunen dei kjem frå.
- 2.10 Ungdommens fylkesting skal så langt som råd ha kjønnsbalanse, og det bør også rekrutterast ungdom med minoritetsbakgrunn. Kommunane blir oppfordra til å sende ein gut og ei jente.
- 2.11 Ungdommens fylkesutval kan invitere relevante organisasjonar og personar til Ungdommens fylkesting for å orientere om ein skilde sakar.

Møte

- 2.12 Ungdommens fylkesting avholdas ein gong i året og skal arrangerast innan utgangen av februar, så lenge Ungdommens fylkesutval ikkje bestemmer noko anna.
- 2.13 Dersom Ungdommens fylkesutval finn det nødvendig kan dei innkalle til ekstraordinært Ungdommens fylkesting.
- 2.14 Ungdommens fylkesutval kallar inn til Ungdommens fylkesting to månadar før Ungdommens fylkesting skal arrangerast.
- 2.15 Forslag til dagsorden, gjeldande vedtekter, gjeldande Ungdommens planprogram, forslag til nytt Ungdommens planprogram, rekneskap og årsmelding skal vere representantane i hende seinast ti dagar før Ungdommens fylkesting skal arrangerast.
- 2.16 Ungdommens fylkesutval innstiller på Ungdommens planprogram, forretningsorden, møteleiarar, protokollskrivarar, protokollunderskrivarar, redaksjonskomité og valkomité som så skal godkjennast av Ungdommens fylkesting.
- 2.17 Ungdomsråd og alle mellom 15 og 20 år i fylke kan melde inn saker til Ungdommens fylkesting. Saker skal meldast inn til Ungdommens fylkesutval seinast 5 veker før Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval bør m.a. bruke media for å nå ut til ungdomane i fylket.
- 2.18 Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal, med unntak av endringsforslag til vedtektene – da det blir gjort med 2/3 fleirtal. Ved stemmelikskap blir saka teken opp til omvotering, ved framleis stemmelikskap gjer leiaren av Ungdommens fylkesutval si røyst utslaget. Ungdommens fylkesting er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemane er tilstade.
- 2.19 På Ungdommens fylkesting bør det vere politisk og administrativ representasjon frå Hordaland fylkeskommune.
- 2.20 Dersom deltakarar bryt vedtektene til Ungdommens fylkesting, eller køyrereglane vedtekne på Ungdommens fylkesting, kan dei bli heimsende etter vedtak i kontrollkomiteen.

Komitear

- 2.21 Ungdommens fylkesting vel ein valkomité på minimum tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval. Desse kan veljast mellom avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval, representantar frå Ungdommens fylkesting som ikkje stiller til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valkomité, ein person frå administrasjonen eller ein av dei politisk valde utsendingane frå fylkeskommunen. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal ha minst halvparten av medlemane. Valkomiteen skal innstille på medlem til Ungdommens fylkesutval og kontrollkomiteen. Valkomiteen kan ikkje innstille på sine egne medlem i nokre av posisjonane.
- 2.22 Ungdommens fylkesting vel redaksjonskomité på minimum tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval. Medlemane vert valt blant deltakarane på Ungdommens fylkesting. Komiteen har i oppgåve å innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast, samt setje opp rekkefølga til røystinga. Redaksjonskomiteen si innstilling til om sakar skal realitetsbehandlas kan endrast om 1/3 røystar for endringa. Redaksjonskomiteen kan gjere mindre redaksjonelle endringar

så lenge dette ikkje endrar innhaldet, dei skal også tilby forslagsstillarane hjelp med å finne eventuelle betre formuleringar.

Redaksjonskomiteen kan skrive eigne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatar, men i første rekkje bør redaksjonskomiteen ha ein god dialog med forslagsstillar.

- 2.23 Kontrollkomiteen skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Kontrollkomiteen skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på Ungdommens fylkesting. Komiteen skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval. Kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkesutval, og Ungdommens fylkesting, sine møte.
- 2.24 Kontrollkomiteen er plikta til å ta opp saka på Ungdommens fylkesting dersom det oppstår tvil om korleis Ungdommens planprogram eller vedtekter skal forståast. Fram til Ungdommens fylkesting har behandla saka er det kontrollkomiteen si tolking som gjeld.
- 2.25 Ungdommens fylkesting kan setje ned andre komitear med andre mandat.

§ 3 UNGDOMMENS FYLKESUTVAL

- 3.1 Ungdommens fylkesutval er Ungdommens fylkesting sitt arbeidande organ og skal følgje opp vedtak gjort i Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval har innstillingsrett ved Ungdommens fylkesting. I tillegg skal Ungdommens fylkesutval vere eit bindeledd mellom ungdom og Hordaland fylkeskommune.
- 3.2 Ungdommens fylkesutval skal drive aktiv lobbyverksemd overfor politiske styresmakter.
- 3.3 Ungdommens fylkesutval skal arrangere Ungdommens fylkesting og fremje Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting i media.

Kontakt med kommunale ungdomsråd

- 3.4 Ungdommens fylkesutval skal ha jamleg og god kontakt med lokale ungdomsråd/ungdommens kommunestyre. Ungdommens fylkesutval skal halde ungdomsråda oppdatert om aktuelle ungdomssaker i fylket og hjelpe ungdomsråd i vanskelige saker, ved oppstart og i eventuelle nedturar.

Samansetting

- 3.5 Ungdommens fylkesting vel sju medlem til Ungdommens fylkesutval, det blir i tillegg valt fem varamedlem. Medlemane av Ungdommens fylkesutval skal veljast frå delegatane på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år som har tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden. Ein person som fyller 21 år det året Ungdommens fylkesting vert halde kan dermed ikkje stille til val. Ein person som fyller 20 år kan ikkje bli vald til eit toårig verv.
- 3.6 Kwart år blir tre styremedlem valt for eitt år og to medlem for to år, på denne måten vil det alltid vere sju medlem. Vara blir valde for eitt år og rangeringa blir gjort på Ungdommens fylkesting. På Ungdommens fylkesting blir det kvart år vald leiar og nestleiar for Ungdommens fylkesutval, desse verva går over eitt år sjølv om vedkommande er vald for to år. I ekstraordinære høve kan Ungdommens fylkesutval konstituere ny leiar og nestleiar frå faste medlemmer av Ungdommens fylkesutval.
- 3.7 Alle medlem i Ungdommens fylkesutval blir valde ved personval på Ungdommens fylkesting. Det vil sei at ein ikkje kan veljast i blokk.
- 3.8 Det skal vere ei balansert samansetjing frå by og distrikt. Valkomiteen skal også ta omsyn til geografisk spreining, alder, eigenskapar og kontinuitet når dei legg fram innstillinga si. Kjønnbalansen skal vere i høve til likestillingslova som seier at i utval med seks til åtte medlemmer

skal kvar kjønn vere representert med minst tre, og når det gjeld dei fem varamedlemene skal kvart kjønn vere representert med to. Ungdommens fylkesutval skal vere partipolitisk nøytralt.

- 3.9 Ungdommens fylkesutval fordelar mellom sine medlemmer ansvar for intern koordinering av si saksbehandling opp mot fylkeskommunen sine ulike avdelingar og politiske utval.
- 3.10 Ungdommens fylkesutval kan sette ned komitear ved behov.
- 3.11 Ved fråfall frå eit fast medlem av Ungdommens fylkesutval blir fyrst vara nummer 1 spurt om å stille, om ikkje vedkommande kan stille blir nummer 2 spurt osv.

Møte

- 3.12 Ungdommens fylkesutval fastset sjølv møteplan.
- 3.13 Leiar er ansvarlig for at det blir kalla inn til møter, at det blir laga sakliste og at møtebok blir skriven.
- 3.14 Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal i Ungdommens fylkesutval. Ved stemmelikskap gjer møtestyraren si røyst utslaget. Det må vere minst fire medlem til stades for at Ungdommens fylkesutval vert vedtaksfør.
- 3.15 Møte i Ungdommens fylkesutval er opne for alle som er interessert.


§ 4 RUSMIDDEL

- 4.1 Alle møte og tilstellingar i Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere rusfrie under heile arrangementet/oppaldet.

§ 5 ENDRING AV VEDTEKTER

- 5.1 Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtektene for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval. Vedtektene kan likevel berre endrast etter forslag frå Ungdommens Fylkesting. Forslag til vedtektsendring vert vedteke ved 2/3 fleirtal.

Notat:



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Arkivnr: 2014/560-365

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	76/18	07.12.2018

Nettverkssamling 2018: Evaluering

Samandrag

Nettverkssamling 2018 vart gjennomført med ca 50 deltakarar frå Ungdommens fylkesutval, kontrollkomiteen og representantar frå 16 kommunar og ein fylkeskommune (Sogn og Fjordane). Arrangementet vart heldt på Scandic Kokstad 3.-4. november. Programmet var fokusert rundt hovudtemaet «Å vere ung i Vestland». I tillegg var det ein økt med idear til planprogrammet. UFU leidde sjølv programmet og workshopane.

Ein evaluering av arrangementet er bra for å sjå kva endringar ein bør gjere til neste gong og kva ein bør halde fast ved:

- Hotellet
- Mat
- Møterom
- Prosess (at UFU sjølve leidde workshopane)
- Program
- Deltaking frå kommunale ungdomsråd
- Deltaking frå Ungdommens fylkesutval
- Resultat frå arrangementet
- Sosialt

Vedlagt er programmet for arrangementet og ein oversikt over evalueringa frå deltakarane.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Nettverkssamling 2018

Å vere ung i Vestland

Scandic Kokstad, 3.-4. november 2018



Temaet for nettverkssamlinga 3.-4. november 2018 er «**Å vere ung i Vestland**». Målet med samlinga er å opplyse ungdom i Hordaland om ulike måtar ein kan påverke samfunnet og korleis ein kan gjere dette når nye Vestland trår i kraft i 2020. Me ønskjer å skape engasjement for ungdomspolitikkk og at ungdom frå fylket kan dele erfaringar om lobbyverksemd og ungdomsmedverknad.

Det er og ønskjeleg at de som kommunale ungdomsråd vert betre kjend med Ungdommens fylkesutval sitt arbeid og nytter høvet til å byggje relasjonar mellom ungdomsråda.

Program

Laurdag 3. november

10:00	Registrering
10:30	Praktisk informasjon
10:45	Opning
11:00	Pause
11:15	Bli kjend
12:00	Presentasjon av Ungdommens planprogram og Ungdommens fylkesutval
13:00	Lunsj
14:00	Paneldebatt
15:00	Pause med insjekk
15:30	Paneldebatt og spørsmål
16:30	Pause
16:45	Workshop
18:00	Pause før middag (butikk)
19:00	Middag (formelt)
20:00	Sosialt

Sundag 4. november

09:00	Frukost og utsjekk
10:05	Praktisk informasjon
10:10	Oppstart
10:20	Sofasamtale
11:20	Pause
11:30	Sofasamtale
12:00	Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet
13:00	Lunsj
14:00	Spørsmålsrunde om temaet
15:00	Avslutning

Tilbakemeldingar frå deltakarar Nettverkssamlinga 2018

Positivt :-)

- Paneldebatt
- Dere er så positive og byr på dere selv UB<3UFU
- Lærerrikt

- Debatter og sofasamtale

- Veldig fin sosialkveld
- God partidebatt
- Gøy
- God mat

- Engasjerende
- Kjempegøy :-)
- Kjempekjekt! Paneldebatten var super!!
- Koselige aktivitetar
- Flinke til å inkludere <3

- Kjekk helg med kjekk gjeng!
- UFU er best! Love u all! <3
- Bare kos <3
- Kaka <3

Negativt :-(

- Trange rom
- Flere energizere i løpet av søndagen

- Leggetid kl. 01:00 :-) å få vere på rom med hverandre

- Vær tydelig på hva vi skal få ut av dette fine gøye møtet <3

- Høytaler på grip mic.
- Romønsker
- Sangene på grab-the-mic
- Bedre info om hva dette (arrangementet) går ut på
- Meir pausar
- Sove lengre/meir
- Edvard Grieg framfor Scandic
- Bedre middag, ikke KALD.
- Andre ting enn bare grip mikrofonene (eller flere Mamma Mia-sanger <3)



Arkivnr: 2014/560-366

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	77/18	07.12.2018

Ungdommens planprogram 2019: Innstilling frå Ungdommens fylkesutval til Ungdommens fylkesting

Samandrag

Ungdommens fylkesting (UFT) skal kvart år vedta Ungdommens planprogram (UPP) som er politikken Ungdommens fylkesutval (UFU) skal jobbe med det neste året. UFU har mynde til å kome med innstilling til fylkestinget og kan difor legge fram eit forslag til UFT på UPP 2019.

UFU bør difor:

1. Sjå gjennom UPP 2018 og vurdere kva ein bør fortsette å ha i planprogrammet og kva som bør fjernast. Merk at for at UPP 2019 ikkje skal verte så stort bør ein gjennomgå programmet litt kritisk.
2. Gå igjennom forslaga som kom på nettverkssamlinga om det er noko der ein ønskjer å ha med i UPP 2019. Ver tydeleg på kva som er eit mål og kva som er eit tiltak.
3. Notere kva som er fjerna eller lagt til, og kvifor, slik at det er lett å forklare på UFT når ein går igjennom forslaget.
4. Sende inn den endelege teksta til administrasjonen slik at denne kan leggest inn i malen.

Det er ein fordel om forslag til UPP 2019 vert ferdig på møtet i desember slik at det kan sendast ut til dei kommunale ungdomsråda så tidleg som mogleg. Det gjer at dei kan kome med egne forslag frå sine ungdomsråd og ein får løfta diskusjonen noko.

Forslag til innstilling

Ungdommens fylkesting vedtek Ungdommens planprogram 2019 slik det vert lagt fram.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Del 1: Visjon og verdier for Ungdommens fylkesting

Visjon

Ungdom fører Hordaland vidare

VERDIAR



Involverande

Vi er bindeleddet mellom ungdom i Hordaland og fylkeskommunen. Vi fokuserer på eit godt samarbeid og aktiv inkludering av ungdom i politikken.



Framtidsretta

Vi ser framover og påverkar politikken i Hordaland til det beste for ungdom i framtida.



Slagkraftig

Vi kjempar hardt for at ungdom skal bli høyrd og få størst mogeleg påverknadskraft i

Del 2: Mål for perioden

Opplæring og helse

UFT meiner..

Gratis skuleprinsippet er svært viktig, skule og utdanning skal vera gratis.

Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet /studiestaden.

Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.

Fråværsreglementet skal praktiserast likt for alle elevar ved vidaregåande skular i Hordaland. Lovleg grunn for fråvær skal vere rimeleg i samband med elevane sin kvardag.

Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom.

God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.

Det skal leggjast til rette for alternativ undervisning i den vidaregåande skulen.

Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast.

Ein skal arbeide for betre integrering på vidare- gåande skular.

Lærlingordninga skal reflektere behovet, slik at alle får moglegheit til å fullføre utdanninga.

Å samla elevråda ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for å skapa samarbeid og dialog på eit politisk nøytralt grunnlag.

Sammenhengen mellom utdanning og arbeidsliv er viktig, og derfor skal elever på yrkesfag kunne møte reelle arbeidssituasjoner.

Det er viktig å øke lærernes digitale kompetanse slik at de kan utdanne elever som er klare til å møte et digitalisert arbeidsliv.

Auke grensa på politisk fråvær.

Ungdom i fylket skal ha ei sterk røyst i samfunnsdebatten

Kultur, idrett og regional utvikling

UFT meiner..

Folkehelse er eit viktig aspekt for unge og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylkes- kommunen får innspel frå ungdom sine per- spektiv

Kulturtilbodet til ungdom skal halde fram og for- betrast.

Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.

Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.

Arrangement tilpassa ungdom skal framhevas og forbetrast.

Ungdom skal medverke i prosessen av utvikling av den nye regionen.

Det skal bli lettere for unge boligkjøpere å komme inn på boligmarkedet samt fleire butilbod for studentar og elevar i fylket.

Miljø og samferdsel

UFT meiner..

Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.

Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast.
Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.

Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.

Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.

Eigen organisasjon

UFT meiner..

Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.

Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på saker som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.

Det skal vere eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom. Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarande. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjer skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reel innflytelse.

Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særst viktig.

Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.

Kvart år skal Ungdommens fylkesutval rapportere om måla for perioden med informasjon, vurdering og forslag til tiltak for neste år.

Del 3: Tiltak

Denne delen av Ungdommens planprogram er tiltak. Den heng saman med måla for perioden (del 2), slik at alle tiltaka er underlagt eit mål. Tiltaka seier noko om kva Ungdommens fylkesutval konkret kan gjere for å opp- nå måla for perioden.

Opplæring og helse

UFT meiner at..

1. Gratis skuleprinsippet er svært viktig, skule og utdanning skal vera gratis.
 - a. UFU går imot kopi- og utskriftsavgift ved vidaregåande skular.
 - b. UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekkja av grunnstipendet.
2. Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.
 - a. UFU skal arbeide for at dei vidaregåande skulane skal oppretthalde eit godt tilbod for ungdom i vidaregåande opplæring, med særskilt fokus på at distriktskulane skal bestå.
3. Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.
 - a. UFU skal arbeide for at fleire tilbod som Hyssingen Produksjonsskule vert oppretta.
4. Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.
 - a. UFU skal arbeide for at endringar i klinikkstruktur skal skje på et grunnlag som betrar tilbodet for ungdom.
5. Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom.
 - a. UFU skal gå i dialog med opplæringsavdelinga og samarbeide for meir berekraftig og sunnare mat i kantinene ved vidaregåande skuler i Hordaland.
 - b. UFU skal aktivt arbeide for at sunnare mat er et punkt i folkehelseplanen når den kjem på rulling.
 - c. UFU skal oppmoda til at behovet for alternativ mat ved dei vidaregåande skulane vert dekt.
6. God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.
 - a. UFU skal aktivt arbeide for at det skal gis fleire midlar til helsesøsterordninga, skulepsykologar, og miljøterapeutar. Det skal vere ein helsearbeidar tilgjengelig på skulen kvar dag.
 - b. UFU skal arbeide for at deler av midlane som gis helsesøstrer, skulepsykologar og miljøterapeut skal øyremerkast til førebyggjande tiltak.
 - c. UFU skal arbeide for at det skal fastsettas at alle helsesøstrer skal ha minst 2 årlege samtalar/presentasjonar for elevane der det blir gjennomgått tiltak som enkeltungdom kan gjere for å betre eigen helse.
 - d. UFU skal prioritere arbeid for å fremje eit mangfald av identitetar, for eksempel ved å delta på Bergen Pride.
 - f. UFU skal kontakta ungdomsrådet ved Haukeland Universitetssjukehus for å få innspel om korleis ein skal arbeida mot unge i psykisk vanskeleg situasjon.
 - g. UFU skal arbeida for at det vert oppretta liknande ordningar som "Miljøgruppa" ved Slåtthaug vidaregåande, ved alle dei fylkeskommunale skulane. Yrkesfagskular skal vera mest prioritert.
 - h. UFU skal følgje opp prosjektet snillsnakk med mobbeombodet i leiinga, for å førebyggje nettmobbing.
 - i. UFU skal arbeide for at psykisk helse står sentralt i delar av den generelle læreplanen.
 - j. UFU skal arbeide for at alle dei vidaregåande skulane i Hordaland skal vere MOT-skular.
7. Det skal leggjast til rette for alternativ undervisning i den vidaregåande skulen.
 - a. UFU skal arbeide for fleksibel studietid på fleire skular enn Amalie Skram vidaregåande skule og Olsvikåsen vidaregåande skule.
 - b. UFU skal arbeida for at skulane skal tilby leksehjelp for å tilretteleggja for elevane.

- c. UFU skal jobbe for at dei vidaregåande skulane skal leggje til rette for meir fysisk aktivitet i skulekvardagen.
8. Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast.
 - a. UFU skal arbeide for meir seksualundervisning i den vidaregåande skule.
 - b. UFU skal arbeide for ein meir omfattande seksualundervisning. Den skal vera haldningsskapande, og ha fokus på inkludering, kunnskap, betre helse og ulike legningar.
 - c. UFU skal arbeida for at seksualundervisninga ved alle vidaregåande skular i fylket skal gjennomførast av helse- søster eller anna helsefagleg personell.
 - d. UFU skal arbeida for å promotere organisasjonar som arbeidar for å betre seksualundervisninga i skulen.
 - e. UFU skal arbeide for ei seksualundervisning der ein reflekterer over pornografiindustrien.
9. Ein skal arbeide for betre integrering på vidaregåande skular.
 - a. UFU skal arbeide for hyppigare norskkurs for minoritetsspråklege vidaregåande skule elevar, slik at fleire ungdommar med flyktning- og asylbakgrunn har betre moglegheit til å byrje tidleg med utdanninga.
 - b. UFU skal arbeida for at det innførast ein obligatorisk dag, på tvers av klasser og linjer, der ein arbeider for å bli betre kjent. Dette for å betre inkludering i skolen.
 - c. UFU skal arbeida for at det vert nytta MIKS-klassar i undervisninga for å skapa god integrering i skulen.
10. Lærlingordninga skal reflektere behovet, slik at alle får moglegheit til å fullføre utdanninga.
 - a. UFU skal arbeide for at det opprettast fleire lærlingplasser i Hordaland.
 - b. UFU skal jobbe aktivt for at det informeres om de fremtidige jobbmulighetene innenfor hver enkelt yrkesfaglige linje.
 - c. Lærlinger som ikke består svenneprøve/fagprøve skal likevel få et individuelt utformet kompetansebevis av arbeidsgiver for det utførte arbeidet.
 - d. UFU skal jobbe for å utvikle tilbud om forsterket VG3 for elever uten lærlingplass.
11. Å samla elevråda ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for å skapa samarbeid og dialog på eit politisk nøytralt grunnlag.
 - a. UFU bør arrangere ein elevkonferanse for representantar frå alle dei vidaregåande skulane i fylket med jamnlege mellomrom. Der skal ein fokusere på erfaringsutveksling mellom dei ulike skulane. Her får også UFU ein sjanse til å promotere seg og sin politikk.
12. Sambandet mellom utdanning og arbeidsliv er viktig, og derfor skal elevar på yrkesfag kunne møte reelle arbeidssituasjonar.
 - a. UFU skal jobbe aktivt for å innføre vekslingsmodellen for yrkesfag i fleire skular i Hordaland.
 - b. Utstyrsparken til dei vidaregåande skulene som tilbyr yrkesfag skal vere moderne og kunne simulere reelle arbeidssituasjonar og at utstyrsparkane ved skulene tilsvarer dei ein finn i arbeidslivet
13. Antallet elever uten lærlingplass skal senkes.
 - a. UFU skal jobbe aktivt for at det informeres om de fremtidige jobbmulighetene innenfor hver enkelt yrkesfaglige linje.
 - b. Lærlinger som ikke består svenneprøve/fagprøve skal likevel få et individuelt utformet kompetansebevis av arbeidsgiver for det utførte arbeidet.
 - c. UFU skal jobbe for å utvikle tilbud om forsterket VG3 for elever uten lærlingplass.
 - d. UFU skal være en aktiv pådriver for å utvikle et godt samarbeid med lærlingerådet
14. Det er viktig å øke lærernes digitale kompetanse slik at de kan utdanne elever som er klare til å møte et digitalisert arbeidsliv.

- a. IKT og digital kompetanse skal være en viktig del av lærerutdanningen.
 - b. Fleire lærerar skal få tilstrekkeleg vidareutdanning innan IKT.
 - c. Det skal utvikles støtteordningar for investering i IKT og digital infrastruktur på videregående skoler i Hordaland.
15. Grensa for gyldig politisk fráværet skal aukast.
- a. UFU bør ta kontakt med aktuelle politikere for å kunne påverka grensa for politisk frávær.
16. Ungdom i fylket skal ha ei sterk røyst i samfunnsdebatten
- a. UFU bør inngå eit samarbeid med Elevorganisasjonen for å drive erfaringsutveksling for å best sikre elevdemokratiet.

Kultur, idrett og regional utvikling
UFT meiner at..

1. Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv.
 - a. UFU skal føreslå førebyggjande tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket til folkehelseplanen.
 - b. UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod.
 - c. UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular i fylket blir pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing, i samarbeid med skulen sine elevar og mobbeombodet i Hordaland.
 - d. UFU skal aktivt arbeide for å få hjartestartarar ved alle vidaregåande skular i Hordaland gjennom mel- lom anna dialog med Raude Krossen.
 - e. UFU skal arbeide for at det vert arrangert førebyggjande opplæring mot rusmisbruk av relevante ungdomsorganisasjonar som Juvente i dei vidaregåande skulane.
 - f. UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal lage fleire idrettsarenaer som «Fysak».

2. Kulturtilbod og andre arrangement for ungdom skal styrkast, oppretthaldast og fremheves.
 - a. UFU skal oppretthalde samarbeidet med den kulturelle skulesekken om kulturtilbod i den vidaregåande skulen.
 - b. UFU skal samarbeide med fylkeskommunen om å utvide opningstider på museum i Hordaland.
 - c. UFU skal arbeide for å oppretthalde tilbodet Bokbåten Epos i Hordaland.
 - d. UFU skal oppretthalda samarbeidet med UKM.
 - e. UFU skal opprette og oppretthalde eit god samarbeid med idrettsavdelinga for å betre idrettsaktiviteter og hendingar for ungdom.

3. Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.
 - a. UFU bør samarbeide med fylkesbibliotekaren for å fremje meir ungdomsvenlege bibliotek. Døme på eit slik tiltak er U-ROM på Bergen Offentlige bibliotek.
 - b. UFU bør arbeide for at biblioteka blir meir tilpassa ungdom, særskilt ungdom som treng ressursar som grupperom til skularbeid.
 - c. UFU skal arbeide for å utvide opningstider på fylkesbibliotek tilpassa ungdom.

4. Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.
 - a. UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal gjere det lettare for ungdom å vite om og få informasjon om opne idrettsfasilitetar.
 - b. UFU skal arbeide for å oppretthalde posten i budsjettet til dette.

6. Ungdom skal medverke i prosessen av utvikling av den nye regionen.
 - a. UFU skal samarbeide med ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane om et nytt regionalt medvirkingsorgan for ungdom.
 - b. UFU skal komme med innspel om kva som er viktig for ungdom i den nye regionen.

Miljø og samferdsel

UFT meiner at..

1. Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.
 - a. UFU skal arbeide for å sikre at prisen på ungdomskortet ikkje overskrider 45% av prisen på periodeskys for vaksne per månad.
 - b. UFU skal arbeide for at det skal vere studentrabatt på all kollektivtransport i fylket, samt at den skal gjelde uavhengig av reisetid og reiselengde.
 - c. UFU skal arbeide for likestilling av honnør og studentrabatt på all kollektivtransport i fylket
 - d. UFU skal arbeide for at det skal utformast éin ny Skyss-app med alle funksjonane til dei noverande appane samla.
 - e. UFU skal arbeide for å senke nedre aldersgrense, og øke øvre aldersgrense på ungdomskortet.
 - f. UFU skal arbeide for å innføre bruk av ungdomskort på strekningar innanfor fylket på regiontoga.

2. Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.
 - a. UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående korleis avgangar er tilpassa skuletidene og korleis korrespondansen mellom avgangar leggjast opp.
 - b. UFU kan samarbeide med ungdomsråd og fylkeskommunen om utbetring av kollektivtransportavgangar i fylket.
 - c. UFU skal arbeide for at nattbuss tilbodet i fylket skal både betrast og oppretthaldas, særskilt i distrikta.

3. Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.
 - a. UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående trafikksikring for ungdom.
 - b. UFU skal halde seg orientert om sakar i Fylkestrafikksikringsutval i Hordaland og fremje sakar ved trong.
 - c. UFU skal arbeide for at trafikksikring på E16 skal prioriterast.
 - d. UFU skal arbeida med trafikksikring på fylkesveg 541, serleg strekninga før Langevåg fejekai.
 - e. UFU skal arbeide for å redusere vedlikeholdsetterslepet på fylkesvegane, med hovudfokus på distrikta.
 - f. UFU skal vere ein aktiv pådrivar for trafikksikring av alle skuleveggar.
 - g. UFU skal arbeide for løysingar som undergangen ved Knarvik vidaregåande.
 - h. UFU skal arbeide for at det skal vere trepunktsbelte på alle bussane i Hordaland.
 - i. UFU skal arbeide for å gjere det meir attraktivt for ungdom i Hordaland å bruke belte på buss.

4. Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.
 - a. UFU skal kome med uttale til Klimaplanen når den rullerast kvart år.
 - b. UFU skal vere ein aktiv deltakar i Klimarådet.
 - c. UFU skal arbeide for meir miljøvenlege fylkeskommunale bygg, med særleg fokus på vidaregåande skular
 - d. UFU skal arbeide for kjøttfri-måndag ved alle fylkeskommunale bygg i Hordaland
 - e. UFU skal arbeide for fleire elbil-ladestasjonar ved fylkeskommunale bygg
 - f. UFU skal vere aktiv pådrivar for avfallsortering på fylkeskommunale bygg, særskilt vidaregåande skular.
 - g. UFU skal bidra og arbeide for papir og plastreduksjon i fylkeskommunen.
 - h. UFU skal vere ein aktiv pådrivar for miljøvenlege formar for drivstoff på bussar i fylkeskommunen.
 - i. UFU skal samarbeide med miljøorganisasjonar som Natur og Ungdom, Changemaker og Framtiden i våre hender.
 - j. UFU skal arbeide for ein betre miljøsertifiseringsordning på vidaregåande skule enn miljøfyrtårn.
 - k. UFU går imot store naturinngrep som følgjer av næringsverksemd i Hordaland.
 - l. UFU skal vera ein aktiv pådrivar for utbygging av hydrogenstasjonar i fylket.

Eigen organisasjon
UFT meiner at..

1. Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.
 - a. UFU skal fremje eit nært samarbeid med dei ulike avdelingane og utvala i Hordaland fylkeskommune.
 - b. UFU skal sjå til at det er ein kontaktperson i utvalet til dei tre politiske utvala i HFK; utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for opplæring- og helse og utval for miljø og samferdsel.
 - c. UFU skal sjå til at alle føler seg velkommen til utvalet og at alle har ein moglegheit til å fremje si meining.
 - d. UFU bør sende representantar på dei ulike partia sine gruppemøte når der er oppe saker som er aktuelle for UFU.

2. Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på saker som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.
 - a. UFU skal hjelpe med oppretting og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.
 - b. UFU kan utarbeide og formidle ein brosjyre til hjelp i arbeidet i eit ungdomsråd/ungdommens kommu- nestyre.
 - c. UFU skal ta seg tid til å reise til kommunar utan ungdomsråd for å hjelpe til i oppstartfasen. Kommunane skal vere informerte om denne moglegheita.
 - d. UFU skal oppmode kommunar utan ungdomsråd til å ta del i årlige arrangement som UFT og nettverk- samling.
 - e. UFU skal oppfordre elevråda til å arbeida for ei seksualundervisning med fokus på grensesetjing og handlingsskapande undervisning allereie i grunnskulen.

3. Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse.
 - a. UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saker.
 - b. UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana.

 - c. UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Arbeidsgruppe for oppretting av Nasjonalt ungdomsråd.
 - d. UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan i dei ulike medverknadsnivåa.

4. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.
 - a. UFU skal utarbeide ei betre heimeside med meir informasjon.
 - b. UFU skal leggje ut minimum fire saker i månaden på Facebook eller Instagram .
 - c. UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, fyl- keshuset, kulturmønstringa, osv.
 - d. UFU skal ha minst seks saker i media i løpet av 2017.
 - e. UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK.
 - f. UFU skal presentere seg og sakene til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av 2017.
 - g. UFU skal arrangere debatt for ungdom i fylket i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar.
 - h. UFU skal vera i tett dialog med interesseorganisasjonar for ungdom, for å styrke sakane våre, samt få nye perspektiv.

5. Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særst viktig.
 - a. UFU skal arrangere ei nettverkssamling årleg over to dagar for ungdomsråd/ungdommens kommune-

styre der hovudfokuset er på samarbeid og dialog både på tvers av råda og opp mot UFU.

b. UFU skal fremje godt samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre gjennom ein kontaktpersonordning.

c. UFU skal ta kontakt med alle ungdomsråda i løpet av året for å ha god dialog og rådgjeving.

Del 4: Utdjupingsdokument til Ungdommens planprogram

Formål

1.1 Ungdommens planprogram er Ungdommens fylkesting sitt øvste politiske dokument. Ungdommens planprogram inneheld sakane Ungdommens fylkesutval skal arbeide med det komande året etter at det er vedteke.

1.2 Oppstår det konflikt mellom Ungdommens planprogram og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval, gjelder Ungdommens planprogram som Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sin politikk. Dette er i samsvar med vedtektene til Ungdommens fylkesting.

Visjon og verdiar

2.1 Del 1 av Ungdommens planprogram skal innehalde visjon og verdiar for Ungdommens fylkesting.

2.2 Visjonen for Ungdommens fylkesting skal vere framtidsretta og vise korleis det er ynskjelig at rolla til Ungdommens fylkesting skal vere.

2.3 Verdiane til Ungdommens fylkesting skal vere gode verdiar som fortel kva som vert verdsatt av Ungdommens fylkesting. Verdiane skal beskrive sjølve kjernen i organet og korleis det skal arbeide.

Mål og tiltak

3.1 Ungdommens planprogram skal vere delt opp i fire ansvarsområder; Utval for opplæring og helse, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, Utval for miljø og samferdsel og Eigen organisasjon.

3.2 Del 2 av Ungdommens planprogram skal innehalde mål for perioden. Dette er overordna mål over kva ungdommen i fylket ynskjer å oppnå.

3.3 Del 3 av Ungdommens planprogram skal innehalde tiltak. Denne delen heng saman med måla for perioden, slik at alle tiltaka er underlagt eit mål. Tiltaka seier noko om kva Ungdommens fylkesutval konkret kan gjere for å oppnå måla for perioden.